



**STORD  
KOMMUNE**

**kristtor  
nbyen**

# Årsmelding 2014



<b>Innhold</b>	Administrasjon og leing	Næring, miljø og kultur	Regulering, byggjesak og oppmåling	Oppvekst og utdanning	Rehabilitering, helse og omsorg	Kommune-økonomien	Organisasjonskart	Stord i ord og tal
----------------	-------------------------	-------------------------	------------------------------------	-----------------------	---------------------------------	-------------------	-------------------	--------------------

Ordføreren helsar.....	3	Kulturtenester .....	26	Kulturskulen .....	48
Rådmannen.....	4	Stord Folkebibliotek.....	28	Nøkkeltal.....	49
<b>ADMINISTRASJON OG LEIING .....</b>	<b>6</b>	Måloppnåing .....	28	MOT 2014 .....	50
Måloppnåing .....	7	Nøkkeltal.....	29	<b>REHABILITERING, HELSE OG OMSORG .....</b>	<b>51</b>
Arbeid for å auka nærvær på arbeidsplassane/ lågare sjukefråvære .....	8	Brann, redning feiing.....	30	Omsorgstenester, måloppnåing.....	52
Utvikling tal årsverk/ tal tilsette .....	10	<b>REGULERING, BYGGJESAK OG OPPMÅLING ...</b>	<b>31</b>	Helse, måloppnåing.....	53
Rekruttering .....	10	Måloppnåing .....	32	NAV kommune, måloppnåing.....	53
Kompetanse.....	11	Plan og byggesaker.....	33	Rehabilitering, helse, omsorg.....	54
Likestilling .....	12	<b>OPPVEKST OG UTDANNING .....</b>	<b>34</b>	Kvalitetsutviklingsprosjekt.....	56
Folkehelse .....	12	Barnehagane .....	36	Nøkkeltal.....	58
Beredskap og samfunnstryggleik.....	13	Måloppnåing .....	36	<b>KOMMUNEØKONOMIEN.....</b>	<b>61</b>
Kommunal planlegging .....	14	Nøkkeltal.....	38	Balanserekneskap.....	62
Interkommunalt innkjøpssamarbeid .....	15	Skulane .....	39	Frie inntekter .....	68
Informasjons- og kommunikasjonsteknologi.....	15	Måloppnåing .....	39	Driftsrekneskap / budsjett .....	69
Nøkkeltal.....	16	Nøkkeltal.....	41	Avsetningar .....	70
Kyrkja .....	17	Sosialt- og førebyggjate tenester, SOFT .....	43	Pensjon, premieavvik .....	72
<b>NÆRING, MILJØ OG KULTUR .....</b>	<b>18</b>	Skule- og helsestasjonstenesta .....	43	Resultat per hovudområde/eining 2014 .....	73
Målsetjing for 2014 .....	19	Nøkkeltal.....	43	Kommunen sine plasseringar og avkastning 2014 .....	77
Næringsarbeid.....	19	Pedagogisk psykologisk teneste (PPT) .....	44	<b>ORGANISASJONSKART.....</b>	<b>78</b>
Samarbeidsrådet for Sunnhordland .....	19	Nøkkeltal.....	44	<b>PORTRETT MAGNAR ANDREAS RIKSTAD .....</b>	<b>79</b>
Landbruk og miljø .....	20	SLT .....	45	<b>STORD I ORD OG TAL.....</b>	<b>80</b>
Stord hamnestell .....	21	Utekontakten .....	45	<b>KOMMUNESTYRET.....</b>	<b>81</b>
Nøkkeltal.....	23	Barnevern .....	46		
Fysisk aktivitet, idrett, friluftsliv og kulturbygg..	24	Måloppnåing .....	46		
		Nøkkeltal.....	46		

# Ordføreren helsar

Me står no med ryggen til 2014 og er godt på veg inn i 2015. På ny kan me sjå attende på eit år med framgang for regionen og for kommunen, noko som gjerne kan målast i folketalsauke og nye etableringar av større og mindre verksemder i kommunen. Ein auke på vel 260 nye Stordabuer gjennom året viser godt att på statistikken og me går inn i året med 18 685 innbyggjarar. Ein stor del av desse er kome hit frå andre land, og har med det komplettert vårt mangfaldige samfunn. Dette er viktige ressursar for våre verksemder, og det gir verdfulle bidrag i våre lokalsamfunn og kulturliv, samstundes som det utfordrar oss som kommune med omsyn til integrering og tilrettelegging for at ein skal føla seg velkomen og ønska å bli ein del av Stordsamfunnet. Med auke i innbyggjartal, vert også presset på kommunale tenester, infrastruktur og bustader sett på prøve. Me greier på marginane å halde unna barnehagekøar i forhold til dei som har rett på plass, og nye barnehagar ser dagen lys for å halde tritt med utviklinga. Det same gjeld for skulane våre, og det var gledeleg å kunne opne ein ny del av Langeland skule i 2014. Ei kartlegging av fysiske miljø innan skulebygg har også gjeve oss nødvendig oversyn over dei oppgåvene som ligg føre oss i åra som kjem.

Også i år har det vore mykje fokus på økonomistyring og kontroll, og organisasjonen har lojalt fylgt opp dei stramme rammene som har vore førande for økonomien. Dette har ført til at 2014 vert rekneskapsåret der me kan seie me kjem oss ut av ROBEK, og slik sett kunne attende full økonomisk handlefridom.

2014 var året der me for alvor sette kommunereform på sakskartet. Fokus har vore å sikra gode tenester for innbyggjarane, samstundes som me får gode fagmiljø

som vert attraktive for arbeidstakarane. Dette har til no vore ivareteke dels med interkommunale selskap og avtaler, dels med vertskommunesamarbeid, dels med kjøp av tenester. Men med dette som bakteppe er det rett å ta opp debatten om me har eit for fragmentert kommune-Noreg. Og kommunestyret og formannskap vil drøfte dette inngående i året som kjem.

Også dette året har samferdsle vore høgt på agendaen. Trafikksikringsplanen er no kome i mål, og me har mykje å jobba med her i åra som kjem. Det vert også jobba med Stordpakke, ny E39 over Stord, og diskusjonar kring sambandet Kvinnherad – Stord er framleis eit tema. Kryssing for brua i Langenuen engasjerer mange. Innan tema infrastruktur ligg også planen for vassforsyning og avlaup. Her har det vore jobba intensivt og godt, og nye løysingar er lagt fram for politisk handsaming. Lokalisering av busshaldeplass i sentrum skapte debatt, og debatt vart det også om kva me skal nytte den gamle ferjekaien i Leirvik til. Det er tydeleg at stordabuen er engasjert i sentrum!

Det har også i år vore jobba svært godt i alle ledd i den kommunale sektor. Mykje skryt og ros om og til dei tilsette vert delt ut frå nøgde brukarar og pårørande. Me har ein lojal arbeidsstokk som kvar dag utfører tenester til beste for våre innbyggjarar, og heile det politiske miljøet takkar alle tilsette for vel utført jobb i året 2014.

## Liv Kari Eskeland

Ordfører



# Rådmannen

2014 har vore eit nytt år med vekst og stor aktivitet. Ordresituasjonen til hjørnesteinsverksemda Kværner har også vore god dette året. Det var knytt stor spenning og store forventningar til tildelinga av kontraktar på Sverdrup-feltet. I skrivande stund vart det annonsert at denne gjekk til Aibel i Haugesund. Dette var eit viktig oppdrag for Kværner, som hadde ein sterk ambisjon om å vinna. Tapet er skuffande og ein illustrasjon på kor hard konkurransen er blitt.

Kommunerekneskapan for 2014 går ut med eit overskot på 27 mill. kr. Med det er siste del av det oppsamla underskotet dekkja inn, og Stord kommune er, formelt når rekneskapan er godkjent kommunestyret, ute av Register om betinga godkjenning og kontroll, «ROBEK-lista». Dei kommunale føretaka, Stord kommunale eigedom KF: Stord vatn og avlaup KF leverer òg positive resultat i 2014. Det samla overskotet for kommune-konsernet vart 28,8 mill. kr.

Årsresultatet vart likevel 17,9 mill. kr svakare enn budsjettert. Kommunesektoren hadde ein stor svikt i skatteinngangen, og det er også hovudforklaringa på Stord sitt avvik i 2014. Stord kommune fekk inn 15,6 mill. kr mindre enn budsjettert. Sjølve drifta av kommunen hadde eit negativt avvik på 5 mill. kr.

Kommunen sitt overskot er først og fremst som følgje av inntekterfråeigedomsskatt. Stord kommune budsjetterer ikkje med bruk av eigedomsskatt til driftsføremål, men overfører inntektene til investeringsbudsjettet. Rådmannen meiner kommunen legg opp til å handtere desse inntektene på ein føremålstenleg og god

måte; det reduserer låneopptaket og gjev eit høgare driftsoverskot. Gjelda er og vil vera ei utfordring i åra framover. Investeringsbehov og ønskje er store, særleg innanfor skule og omsorgstenester. Gjelda har vore jamt aukande, og er relativt høg. Omfanget av låneopptak bør vurderast strengt, eventuelt i form av eit gjeldstak. Det kan leggja ein dempar på omfanget av investeringar, men vil samstundes kunna medverka til ein sunnare kommuneøkonomi.

Den økonomiske situasjonen er krevjande, med stramme driftsbudsjett. Det er også ein situasjon Stord kommune deler med dei fleste kommunane i landet. Den er mykje eit resultat av at kostnadsveksten over fleire år har vore høgare enn veksten i inntekter. Om ein tek omsyn til manglande kompensasjon for demografi, auka pensjonskostnader og skattesvikt, har kommunane sine inntekter ifølgje KS reelt stått uendra dei siste fire-fem åra.

Kommunen hadde 1203 tilsette ved utgangen av 2014, fordelt på 923 årsverk. Sjukefråværet i 2014 var på 8,33 prosent. Det var 0,6 prosentpoeng betre enn gjennomsnitt for landet, men 0,8 under kommunestyret si målsetting om 7,5 prosent. Stord kommune har sidan 2009 hatt eit gjennomsnitt sjukefråvær på 8,43 prosent. Kommunestyret si målsetjing inneber altså ein reduksjon av sjukefråværet med om lag eitt prosentpoeng, noko som kan utgjera ei årleg innsparing på 2,5 til 3 mill. kr. Kommunen arbeider aktivt med å redusera sjukefråværet, m.a. innanfor tre-partssamarbeidet «Saman om ein betre kommune». Prosjekter har målsetjingar om auka nærvær på arbeidsplassen, betre

Rådmann Magnus Mjør  
Foto: Haldis Lauksund





Stord rådhus  
 Foto: Connie Straume

rekruttering og omdømebygging. Stord kommune har i 2014 også inngått ny avtale om eit inkluderande arbeidsliv (IA). Kommunen har med det stilt seg bak dei nasjonale IA-målsettingane om å betra arbeidsmiljøet, styrkja nærværet på jobb, førebyggja og redusera sjukefråværet og hindra utstøying og fråfall i arbeidslivet.

Stord kommune har låg dekning av sjukeheims plassar. Det er høg terskel for tildeling av plass og stort omfang av heimebaserte tenester. Mangel på plassar vert og ein flaskehals i høve til å ta imot utskrivingsklare pasientar frå Helse fonna. Det toppa seg i desember i 2014, der halvparten av utskrivingsklare pasientar i Fonna-området som ikkje fekk kommunal institusjonsplass var heimehøyrande i Stord. Det må vera ei prioritert oppgåve både på kort og lengre sikt å få auka kapasiteten på desse kommunale tenestene.

Kommunen har også i 2014 hatt føre seg fleire og større planarbeid, mellom anna er det vedteke nye kommunedelplanar for trafikksikring og for det

kommunale vegnettet. Planarbeid for ny E39 mellom Heiane og Førland er starta opp, og for bydelen Sagvåg-Litlabø. I budsjettet for 2015 har ein lagt til grunn at arbeidet med ny planstrategi og revisjon av kommuneplanen skal startast opp i 2015. Grunngevinga er den store utbyggingsaktiviteten i kommunen, med fleire nye arealinnspeil.

Trekantsambandet vart i 2013 nedbetalt tre år før tida. Sambandet er ein viktig del av kyststamvegen E39, og har knytt Stord tettare til Nord-Rogaland. Ein ser meir og meir effektane av sambandet; regionen «mellom bokken og bjørnen» vert eit stadig meir innarbeida omgrep, og sentrale regionale funksjonar har virkeområde over fylkesgrensa. På ulike område vert Stord og deler av Sunnhordland sterkare orientert mot Rogaland og Stavanger. Høgskulen Stord/Haugesund har gått direkte i tingingar med Universitetet i Stavanger om samanslåing og regjeringa gjorde framlegg om at sunnhordlandskommunane vart organiserte inn i eit utvida Rogaland politidistrikt. Det er absolutt

ei brytningstid for ein kommune og ein region med Hordaland-identitet og sin organisatoriske tilknytning til fylkeskommune og fylkesmann i Hordaland.

I 2014 starta sunnhordlandskommunane prosessen med å vurdere ny kommunestruktur. Eit utvida formannskap i Stord kommune har som ambisjon å få ei avgjerd i løpet av våren 2016. Invitasjonar til direkte dialog er gått ut til nabokommunane Fitjar, Bømlo og Tysnes. Byregionprogrammet, som har som siktemål å utarbeida ein regional utviklingsplan for Sunnhordland, starta også i 2014. Prosjektet «Byen og regionsenteret Stord – lokomotiv for vekst og utvikling i Sunnhordland?» har så langt kartlagt samhandlinga mellom regionsenteret og omlandskommunane, for m.a. å avdekke flaskehalsar og haldningar. Tala syner at seks av ti sunnhordlendingar opplever Stord som sitt regionsenter. Sju av ti meiner at Stord har viktige regionale funksjonar, medan halvparten meiner at Stord på ein god måte klarar å taka vare på sin status som regionsenter.

Årsmeldinga vitnar om at dei tilsette i organisasjonen utfører mykje og godt arbeid. Ein stor takk til alle for innsatsen i året som gjekk!

**Magnus Mjør**  
 Rådmann

# Administrasjon og leiing

Måloppnåing .....	7	Folkehelse .....	12
Arbeid for auka nærvær på arbeidsplassane/lågare sjukefråvære.....	8	Beredskap og samfunnstryggleik.....	13
Utvikling tal årsverk/ tal tilsette .....	10	Kommunal planlegging .....	14
Rekruttering.....	10	Interkommunalt innkjøpssamarbeid.....	15
Kompetanse.....	11	Informasjons- og kommunikasjonsteknologi .....	15
Likestilling .....	12	Nøkkeltal .....	16
		Kyrkja .....	17

Målemetodane som er lagt til grunn i det overordna målekartet er i hovudsak basert på brukar- og medarbeidarundersøkingar som er utarbeidd av [www.bedrekommune.no](http://www.bedrekommune.no). Undersøkingane gjev eit bilete av kva brukarane meiner om tenestene og om vi må justera målsetjingane våre. Undersøkinga gjev også eit bilete av kva arbeidstakarane meiner om organisasjonen og om det er grunnlag for å justera målsetjingane for våre interne satsingsområde. Måltala tek utgangspunkt i erfaringstal. Måltala for dei andre tenestemråda er utarbeidd med utgangspunkt i inndelingane i Kommunal Rapport sitt Kommunebarometer.

Kommunen har dei siste par åra arbeidd med utvikling av eit meir heilskapleg målstyringssystem med utgangspunkt i kommunebarometeret. Eit slikt system vektlegg å rapportera resultat og set mål på fleire dimensjonar enn berre økonomi. Målstyringssystemet er utvikla vidare både m.o.t. rapportering og ei nærare vurdering av kva for nøkkeltal det skal rapporterast på. Det skal vera ein klar samanheng mellom mål for tenestene; rådmannen sitt framlegg til budsjett og økonomiplan, handlingsplanane og rapportering; månadsrapportering, tertialrapportering og årsmelding.

Det vert gjennomført brukarundersøking og medarbeidarundersøking anna kvart år. I 2014 var det gjennomført brukarundersøking i kulturskulen, neste medarbeidarundersøking kjem i 2015.

MÅLOPPNÅING	2014	2014	2013 Snitt Stord
<b>BRUKAR (I skala frå 1-6, er 6 best)</b>	<b>mål</b>	<b>resultat</b>	
Brukarane er nøgd med samarbeid og brukarmedverknaden	>4,30	4,90	4,30
Brukarane og brukarrepresentantar opplever å bli møtt med respekt	>5,10	5,60	5,10
Brukarane er nøgd med tilgjenge på tenestene	>4,80	4,80	4,80
Brukaren er nøgd med tilgangen på informasjon om innhaldet i tenestene	>4,30	4,80	4,30
Brukaren er nøgd med den totale kvaliteten på tenestene	>4,90	5,10	4,90
Direktorat for forvaltning og IKT er nøgd med den totale kvaliteten på nettstaden i kommunen	5,00	*	5,00
<b>MEDARBEIDARAR (I skala frå 1-6, er 6 best)</b>	<b>mål</b>	<b>resultat</b>	
Medarbeidaren er nøgd med arbeidssituasjonen sin	>4,70		4,50
Medarbeidarane bidreg aktivt til å nå verksemda sine mål	>4,80		4,90
Medarbeidarane opplever å ha naudsynt kompetanse til å utføre sine arbeidsoppgåver	>4,80		4,80
Medarbeidarane løyser felles arbeidsoppgåver på sin arbeidsplass på ein god måte	>4,80		4,90
Medarbeidarane opplever at næraste leiar gjev deg tilstrekkeleg attendemelding på den jobben du gjer	>4,20		4,00
Medarbeidarane er nøgde med arbeidsgjevar si tilrettelegging for relevant kompetanseutvikling	>3,75		3,90
Sjukefråvær %	<7,50	8,33	8,30
Økonomi, maksimum avvik i høve vedtekne budsjettrammer %	0,50	0,90	-1,50
Kommunebarometeret, rangering av kommunane	<273	218	320

\* Direktorat for forvaltning og IKT har ikkje gjennomført undersøking i 2014

## ARBEID FOR Å AUKA NÆRVÆR PÅ ARBEIDSPLOSSANE/LÅGARE SJUKEFRÅVÆRE

Stord kommune har målsetting om eit aktivt HMT-arbeid som skal sørgja for trivnad og tryggleik for våre tilsette. Me ynskjer leiarar og tilsette som aktivt arbeidar for eit fullt forsvarleg arbeidsmiljø, minst mogleg påverknad på ytre miljø og kontinuerleg forbetring av HMT-arbeid i einingane.

I 2014 har dei tilsette gjennom prosjektet «Saman om ein betre kommune» vore ein del av eit større rammeprogram i regi av Kommunal- og moderniseringsdepartementet. Stord kommune har i sitt prosjekt ei målsetjing om eit auka nærvær, betre rekruttering og omdøme som organisasjon og arbeidsgjevar. Prosjektet vert finansiert med prosjektmidlar frå departementet, eige budsjett og stipend frå KLP.

Hovudaktivitetane i 2014 har hatt fokus på kartlegging, revisjon av rutinar og prosedyrar og eigarskap i organisasjonen. Kort summert har prosjektet hatt følgjande aktivitetar:

- Temadag i kulturhuset for alle leiarar, tillitsvalde, verneombod og politikarar
- Besøksrunde til alle avdelingar frå leing, hovudverneombod og NAV Arbeidslivssenter med fokus på sjukefråvær, nærværarbeid og systematisk HMT
- Revisjon og oppdatering av rutinar for oppfølging av sjukemeldte
- Etablerte samarbeidsarenaer med bedriftshelseteneste og NAV Arbeidslivssenter
- Leiarutviklingsprogram
- Utdanning av egne helsefagarbeidarar
- Nettverkssamlingar i Høyanger og Trondheim
- Temadag om arbeidsmiljø for alle tilsette og politikarar



*Som ein del av prosjektet saman om ein betre kommune vart det arrangert inspirasjonsdag våren 2014.  
Foto: Emma Aadland*



Prosjektperioden går ut 2015, og fleire aktivitetar er planlagt for komande år . %  
 Stord kommune har i 2014 eit totalt sjukefråvær på 8,33 prosent.

#### Sjukefråveret Stord kommune 2009-2014:

OMRÅDE	2014	2013	2012	2011	2010	2009
Barnehage	12,88 %	12,06 %	9,85 %	11,08 %	9,22 %	7,45 %
Grunnskule	5,88 %	5,35 %	6,50 %	6,49 %	4,70 %	4,22 %
RHO	11,46 %	11,00 %	12,25 %	13,41 %	10,37 %	10,70 %
Strategisk leiing inkl støttestab	7,06 %	6,38 %	7,74 %	8,12 %		
Teknisk, inkl kommunale foretak	4,57 %	6,44 %				
Andre	7,44 %	8,65 %	8,34 %	9,28 %		
<b>Totalt Stord kommune</b>	<b>8,33 %</b>	<b>8,30 %</b>	<b>8,98 %</b>	<b>9,57 %</b>	<b>7,60 %</b>	<b>7,06 %</b>

Som ein kan lesa ut frå tabellen har kommunen i 2014 eit noko høgare sjukefråvær samanlikna med 2013, og ein har ikkje nådd målsettinga om eit totalt sjukefråvær på mindre enn 7,5 prosent. I følge KS sin statistikk over sjukefråvær i perioden 4.kvartal 2013 – 3.kvartal 2014 var sjukefråværet i kommunane i Noreg 8,95 prosent, høvesvis 10,88 og 6,02 prosent fordelt på kvinner og menn. Til samanlikning har Stord kommune 10,75 og 5,68 prosent fordeling på kvinner og menn.

Stord kommune laga ny avtale om eit inkluderande arbeidsliv (IA) 25.06.14. Partane i arbeidslivet har med dette stilt seg bak dei nasjonale IA-målsettingane.

For perioden 2014-2018 er hovudmålsetjinga for IA-avtalen

- Å betra arbeidsmiljøet, styrkja nærværet på jobb, førebyggja og redusera sjukefråværet og hindra utstøyting og fråfall i arbeidslivet

Dei tre delmåla på nasjonalt nivå er:

1. Å redusera sjukefråværet med 20 prosent i forhold til 1. kvartal 2001. Dette inneber at sjukefråværet på nasjonalt nivå ikkje skal kome over 5,6 prosent.
2. Å hindra fråfall og auka sysselsetjing av personar med nedsett funksjonsevne.
3. Å forlengja yrkesaktiviteten etter fylte 50 år med tolv månader. Med dette er meint ei auke samanlikna med 2009 i den gjennomsnittlege perioden med yrkesaktiviteten (for personar over 50 år).

Stordkommuneskal med bakgrunn i desse målsettingane på nasjonalt nivå, fastsetja eigne mål for IA-arbeidet. Desse skal sjåast i samanheng med HMT-arbeid elles i kommunen. Det er venta at kommunen skal, så langt det er tenleg, fastsetja mål i forhold til alle tre delmåla. Målsetjinga skal vera formulert som aktivitetsmål.

*Rettleiarane er viktige for lærlingane, og er også med på å gje Stord kommune eit godt omdøme som lærestad.*

*Foto: Emma Aadland*

## UTVIKLING I ÅRSVERK OG TAL TILSETTE

År	2014	2013	2012	2011	2010	2009	2008
Årsverk	923	925	912	947	940	952	971
Tilsette	1203	1227	1231	1302	1318	1307	1304

Stord kommune hadde ved utgangen av året 923 faste årsverk fordelt på totalt 1203 tilsette. Her er ikkje stillingar i Interkommunalt innkjøp og kommunale føretak medrekna. Både tal på årsverk og tal på tilsette har hatt ein nedgang. Kommunen har i 2014 prioritert å auke opp deltidsstillingar, noko som er grunnen til nedgang i talet på tilsette.

Talet på årsverk har i dei fleste einingar vore jamt over stabile. Eining for habilitering har hatt ei auke på sju årsverk og Sosial- og førebyggjande tenester har hatt ei auke på tre årsverk. Begge grunna oppretting av nye avdelingar.

Stillingsgruppa er ei partsamansett administrativ arbeidsgruppe med representantar frå kommuneleiinga og hovudtillitsvalde. Stillingsgruppa vurderer alle stillingar som vert ledige i høve å trekkja dei inn, før dei eventuelt vert lyste ut for nytilsetjing. Stillingsgruppa har i 2014 hatt ei innsparing på kr. 608 233, og med det ikkje nådd budsjettmålet som var på 1,5 millionar.



## REKRUTTERING

Målsetjinga med rekruttering er å tiltrekkja og tilsetja medarbeidarar med best moglege kvalifikasjonar for å tilfredsstilla Stord kommune sitt behov for bemanning på kort og lang sikt. Det vart i 2014 utarbeida ny prosedyre for rekruttering som m. a. skal sikra gode og raske tilsetjingsrutinar og effektiv bruk av sak/arkivsystemet i tilsetjings saker. Det er utarbeida gode malar i sak/arkivsystemet for rekrutteringsarbeidet for å sikre at lov og regelverk vert etterlevd. Det vart i etterkant av ny prosedyre gjennomført opplæring av alle leiarar som har ansvar for rekruttering.

Dei siste tiåra har etterspurnaden etter utdanna arbeidskraft auka kraftig i Norge, og i 2014 var det framleis press på arbeidsmarknaden på Stord, og det verkar

særleg inn på rekrutteringa til dei kommunaltekniske fagområda. Det er konkurranse om kvalifiserte fagfolk med rett teknisk kompetanse. Kommunen konkurrerer både mot privat sektor og internt mot dei kommunale føretaka. Det vart likevel rekruttert to nye ingeniørar til eininga Regulering, byggesak og oppmåling - RBO i løpet av året. Den største utfordringa var å rekruttere prosjektleiarar til Stord vatn og avlaup kommunale føretak.

I åra framover vil det i følgje SSB bli behov for fleire fagarbeidarar og arbeidstakarar med høgare utdanning. Arbeidsstyrken vert eldre, tilgangen på nyutdanna arbeidskraft vil verta dårlegare, behovet for etter- og vidareutdanning vil auka. Det vert vanskelegare å skaffe ny kompetanse ved ny rekruttering. Kompetanseutvikling

av eksisterande arbeidskraft vil dermed bli stadig viktigare. Stord kommune har i 2014 starta planlegging i samarbeid med Hordaland Fylkeskommune og KLP om å utdanna eigne helsefagarbeidarar. Tiltaket skal bidra til god rekruttering i pleie- og omsorgstenestene i høve til helsefagarbeidarar og auka kompetanse skal gjere kommunen betre rusta til å møte brukarane sine behov i pleie- og omsorgssektoren.

Stord kommune har behov for mange unge arbeidstakarar og faglært arbeidskraft innan fleire tenestemråde. Kwart år tilbyr Stord kommune læreplassar i fleire fag. Hausten 2014 tok 16 lærlingar til i lære i Stord kommune; Barne- og ungdomsarbeidarfager (6), Helsearbeidarfaget (8), IKT-faget (2). Pr. 31. desember 2014 hadde Stord kommune totalt 36 lærlingar.

Hausten 2014 vart det gjennomført lærlingundersøking blant dei lærlingane som har vore lærling meir enn 11 månader. Undersøkinga viste at Stord kommune hadde svarprosent på 100. Undersøkinga viser at kommunen ligg over gjennomsnitt i Hordaland innan kvalitet, medverknad, trivsel og motivasjon. Stord kommune har forbetringspotensiale i høve faglege utfordringar og kunnskap om HMS hjå lærlingane.

I 2014 har rettleiarane for lærlingane fått auka kompetanse i opplæring av lærlingane. Rettleiarane er viktige for lærlingane, og er også med på å gje Stord kommune eit godt omdøme som lærestad. Lærlingane er ein god ressurs for kommunen og bidreg til rekruttering av kompetente fagfolk.

## KOMPETANSE

Kompetanse og rekruttering heng saman. Det er i hovudsak to måtar å skaffa ny kompetanse. Den eine er gjennom ekstern rekruttering, og den andre gjennom intern rekruttering, kompetanseutvikling/etter- og vidareutdanning. Det er i denne samanheng vesentleg for kommunen å stå fram som attraktiv arbeidsplass. I tillegg til økonomiske vilkår, vert arbeidstid, fagleg og personleg utvikling, satsing på kompetanse m.m. viktig i konkurransen om arbeidskrafta.

Fleire tilsette tek etter- og vidareutdanning, og i 2014 nytta kommunen 2,99 mill. kroner til dette føremålet. I tillegg kjem tilrettelegging og bidrag frå einingane som har brukt ein del ressursar på dette mellom anna ved å leggja til rette for permisjon.

Styrking og vidareutvikling av leiarfunksjonen er ein strategi for Stord kommune for å utvikle og effektivisere kommunen, og er ein av hovudaktivitetane i prosjektet Saman om ein betre kommune. KS har definert god leiing som å utfordre, støtte og stille krav til medarbeidarane uavhengig av nivå eller sektor. Det er viktig å ha gode leiarar og dette er nøkkelen til å nå felles mål for kommunen. Oppdraget er komplekst med ansvar for å utvikla lokalsamfunnet og yta gode velferdstenester i ein politisk styrt organisasjon.

Det har vore samlingar med einingsleiarane og strategisk leiing siste åra der ein bevisst har jobba med å utvikla kvar enkelt leiar og ein felles leiarpraksis for kommunen. Tilnærminga er at leiarar og deira leiarskap vil ha innverknad på arbeidsmiljøet, både det fysiske

og det psykososiale. Helsefremjande arbeidsplassar er ei tilnærming som saman med det tradisjonelle førebyggjande HMS-arbeidet kan utgjere ein heilskap i arbeidsmiljøarbeidet. Tema som vart presentert ved hjelp av ekstern prosessleiar var grunnleggjande forståing av leiarrolla som òg vart knytt opp mot arbeidsmiljø og om leiing kan vera helsefremjande eller helseskadeleg. Det vart utvikla leiar-kriterier for Stord kommune som vart sett inn i revidert leiaravtale.

I tillegg har samlingane lagt opp til individuell leiarutvikling ved at det i 2014 vart gjennomført 360 gradars leiarevaluering, som var verktøyet som vart nytta til evaluering av einingsleiarane og strategisk leiing. Det vart på førehand sendt ut spørjeskjema til overordna, sideordna og underordna med 40 påstandar som respondentane skulle ta stilling til. Ein fellesrapport som viser resultat for leiargruppa samla, gav utgangspunkt for å diskutera positive trekk og utviklingsområde ved leiinga av kommunen. Einingssleiarane og strategisk leiing fekk utdelt individuell rapport i samlinga med resultat på 360 graders evalueringa. På bakgrunn av denne følgde leiarane opp med tiltak:

- Utarbeide ein handlingsplan med prioriterte område for utvikling og med aktuelle tiltak
- Gjennomføre samtale med overordna om resultat av evalueringa og forventningar vidare, der handlingsplanen også vert presentert
- Presentere resultat frå evalueringa til respondentane

Strategisk leiing følgjer opp einingsleiarane sine handlingsplanar m.a. i medarbeidersamtalane i 2015.

Stord har i 2014 etablert Folkehelseforum som ein arena for medverknad. Her frå forumet 19.11.14.  
Foto: Emma Aadland

## LIKESTILLING

Av 1203 tilsette i Stord kommune er 983 kvinner (81,71 prosent) og 220 menn (18,28 prosent). I skulen er det 250 kvinner (78,36 prosent) og 69 menn (21,63 prosent). I pleie og omsorg er det 493 kvinner (92,49 prosent) og 40 menn (7,50 prosent). Blant einingsleiarar og strategisk leiing er fordelinga 22 kvinner (62,85 prosent) og 13 menn (37,14 prosent). Fordelinga mellom kvinner og menn er ikkje vesentleg endra frå 2013.

Stord kommune sitt arbeid med likestilling går i hovudsak på å betra vilkåra for typiske kvinneyrke, innanfor barnehage, skule, rehabilitering, helse og omsorg. Desse felt er hovudtyngda av verksemda i kommunen. Som tiltak kan nemnast tilrettelegging for at alle skal få den stillingsstorleik som dei ynskjer, og at arbeidstilhovva elles vert tilrettelagt med til dømes fleksible arbeidstidsordningar. Likestillingslova og Hovudavtalen stadfester at likestillingsarbeid tek sikte på å få til større grad av likskap i vilkår mellom kvinner og menn i høve utdanning, arbeid, løn og personleg, fagleg og kulturell utvikling. Stord kommune har eigen «Handlingsplan for likestilling i Stord kommune» med slik vekt på personalpolitiske tiltak:

Kvinner og menn skal ha lik tilgang på:

- Arbeid
- Fagleg utvikling
- Løn
- Avansement

Ved utlysning av ledig stilling vert underrepresentert kjønn oppmoda å søkja i nokre stillingar. Begge kjønn bør vera representert i intervjupanelet.



## FOLKEHELSE

God folkehelse er blant dei viktigaste ressursane eit samfunn kan ha. Kommunen har ansvar for å fremje folkehelse i all si verksemd, og folkehelseperspektivet skal inngå i planlegging og lokal samfunnsutvikling. Dette betyr mellom anna at alle kommunale einingar skal ha fremjing av folkehelse med i målsetjinga si. Stord har etablert ei kommunal leiargruppe, Folkehelserådet, som saman med folkehelsekoordinator er pådrivar for folkehelsearbeidet.

Helse handlar ikkje berre om fråvere av sjukdom, men like mykje om korleis ein har det trass i dei utfordringane livet byr på. Oppvekst- og levekår, sosiale relasjonar og levevanar er dei viktigaste faktorane som påverkar folkehelsa. Å få oversikt over korleis helsetilstanden er og kva som er dei sentrale ressursane og utfordringane i eigen kommune er nødvendig for eit langsiktig og strukturert folkehelsearbeid.

I følgje Folkehelselova skal kommunane føre løpande oversikt over helsetilstanden og faktorar som påverkar, og kvart fjerde år utarbeide eit oversiktsdokument som viser kommunen sine utfordringar og ressursar m.o.t. folkehelsa. Dette er nye lovpålagte oppgåver, og det har i 2014 vore arbeidd med å forankre arbeidet i heile organisasjonen og å utarbeide gode prosedyrar for oversiktsarbeidet. Som følgje av dette vil løpande oversikt over folkehelsa inngår i einingane sine årlege interne rapporteringar frå og med 2015.

Arbeidet med kommunen sitt første oversiktsdokument over helsetilstanden og påverknadsfaktorar starta i 2014 og er planlagt ferdig våren 2015. Dette er eit omfattande arbeid som for utan alle kommunale einingar også involverer andre offentlege aktørar, råd og utval, frivillig sektor, næringsliv og innbyggjarane generelt. Tanken er at prosessen også skal leie fram til ein mal for seinare oversiktsarbeid.



Her frå redningsøvinga på Stord lufthamn i mai.  
Foto: Stord lufthamn.

Innbyggjarinvolvering er sentralt i folkehelsearbeidet, både fordi det gir nødvendig kunnskap og forankring, og fordi medverknad i seg sjølv er helsefremjande. Stord har i 2014 etablert Folkehelseforum som ein arena for medverknad. Det første forumet vart arrangert i mai som eit ope folkemøte i Stord kulturhus. Ca. 50 frammøtte fekk høyre innlegg frå Folkehelseinstituttet og Fylkeslegen, før eit panel med lokale politikarar drøfta temaet og svarte på innspel frå salen. Det andre folkehelseforumet vart arrangert på Stord Hotell i november, og hadde ungdom og trivsel som tema. Stord ungdomsråd leia forumet der om lag 90 elevar frå alle ungdomsskulane og vidaregåande skule gjennomførte workshop saman med lokalpolitikarar, kommunale leiarar og representantar frå ulike organisasjonar. Erfaringane frå folkehelseforum er svært positive. Dette vil difor bli vidareført i 2015.

Stord kommune er medlem av «Partnerskap for folkehelse i Hordaland». Partnerskapet har representantar frå fylkeskommunen, Fylkesmannen og dei fleste kommunane. Kommunar i partnerskapet kan søkje om tilskotsmidlar frå Fylkeskommunen. Stord tok i 2014 i mot 150 000 kroner som vart nytta til folkehelseforum og til oversiktsarbeidet.

### BEREDSKAP OG SAMFUNNSTRYGGELEIK

Kommunen skal vera budd på å kunna handsama hendingar som går ut over dei situasjonane som brann/redning og helsetenesta til vanleg tek seg av. Beredskapsplikta til kommunen gjer at sentrale mynde og samarbeidspartar forventar at kommunen har eit apparat som kan handsama beredskapsvarsel. Det vert forventa at kommuneleiinga skal kunna mobiliserast til ei kvar tid, men Stord kommune har pr. i dag ikkje ei vaktordning for kriseleiinga.

Stord og Fitjar kommunar har rullert den overordna ROS-analysen frå 2008. Arbeidet med ROS-analysen har vore eit interkommunalt og tverrfagleg samarbeid mellom sentrale aktørar i lokalsamfunnet. Kommunestyret vedtok den nye analysen i september 2014 som grunnlag for arbeid med beredskapsplanar og anna planarbeid. Beredskapsplanverket skal no rullerast og ein arbeider for å finna fram til ein meir tenleg mal for dette. Målet er at den skal vera lik for alle einingane.

Det er gjort førebuingar til etablering av nytt nasjonalt naudnett. Dette skal gradvis takast i bruk i heile redningstenesta i 2015. Det har og vore arbeidd med ulike former for befolkningsvarsling ved kriser og katastrofar og ein er ved eit avgjerdspunkt for val av løysing. Det var ei redningsøving på Stord lufthamn i mai, men elles har det ikkje vore arrangert øvingar i 2014.

Det psykososiale kriseteamet er etablert med 16 personar frå ulike faggrupper som kan disponerast ved hendingar, som krev særleg innsats. Det har vore mobilisert fleire gonger dette året. Erfaringa er at det fungerer godt og er nyttig ved ulike hendingar i lokalsamfunnet. Det er etablert samarbeid med liknande gruppe i Fitjar med tanke på hendingar som råkar folk i begge kommunane.

Sunnhordland Interkommunale Legevakt starta opp i februar og er eit kommunalt føretak for Bømlo, Fitjar og Stord. Dette har gjeve tilstadesvakt for lege utanom opningstidene for legekontora. Legevakttenesta i kommunane har fått ei kvalitetsheving og det første driftsåret har gått etter planen.

## KOMMUNAL PLANLEGGING

Kommunestyret vedtok i 2012 planstrategi for Stord kommune. Planstrategien er eit verktøy som har som føremål å klargjera kva for planoppgåver kommunen bør prioritera for å leggja til rette for ønska utvikling. Planstrategien erstattar det obligatoriske kravet til rullering av kommuneplanen som låg i plan- og bygningslova. Gjeldande kommuneplan for perioden 2010- 2021 vart vedteken 15. desember 2011. Neste planstrategi må vera vedteken seinast i 2016, og i denne må ein ha teke stilling til tidspunkt for ny revidering av kommuneplanen. I budsjettet for 2015 har ein lagt til grunn at arbeidet med ny planstrategi og revisjon av kommuneplanen skal startast opp i 2015. Grunngevinga er den store utbyggingsaktiviteten i kommunen og fleire nye arealinnspel som ikkje er avklart i gjeldande kommuneplan. Pågåande planarbeid, som kommunedelplanarbeid for E39, interkommunal strandsonenplan og private utbyggingsønske i Studalen-/ Vabakken-/ Langelandsområdet framskandar behovet for å få eit godt heilskapleg grep om framtidig arealbruk og utvikling langs aksa Heiane – Vabakken. Revisjonen av kommuneplanen vil også implementere interkommunal strandsonenplan.

I 2014 har det gått føre seg planarbeid knytt til fylkesveg 545 Stord-Fitjar (Vestsidepakken), statleg kommunedelplan for E 39 Stord – Os og kommunedelplan E 39 Heiane- Ådland/ Nordre Tveita. Fylkeskommunen sette i 2014 i gang moglegheitsstudie for fylkesvegtilknyttingar til E39 der m.a. ferjesambandet Kvinnherad – Stord har ein sentral plass. Studien skal vera ferdig våren 2015. Det vart også starta arbeid

med reguleringsplan for Fv. 544 Vabakken – Sæ, der også framtidig busshaldeplass i Leirvik sentrum vert vurdert. I 2014 vart kommunedelplan for trafikkisikring og hovudplan veg vedtekne. Vidare vart det arbeid med kommunedelplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv, kommunedelplan for barnehagar, kommunedelplan for avløp og vassmiljø, kommunedelplan for vassforsyning og områderegulering for Sævarhagen, Haga, samt Nedre Økland. Planane skal leggjast fram for vedtak i 2015. Det vart starta opp arbeid med kommunedelplan for Sagvåg – Litlabø som også skal innehalde ein stadanalyse for gruveområdet.

Arbeidet med ein interkommunal strandsonenplan heldt fram i 2014, og forslag til plan vart sendt kommunane på førebels høyring i desember 2014. Planen skal leggjast fram for vedtak i kommunane i 2015. 2014 har elles vore prega av stor byggjeaktivitet, m.a. vart næringsområdet Heiane Vest ferdig opparbeidd og utbygging av 1. etappe av Tyse bustadfelt ferdig. Utbygginga skjer i privat regi. Det vart berre vedteke éin ny reguleringsplan i 2014, men det vart meldt oppstart av fleire planarbeid som vil bli arbeid fram til vedtak i 2015.

Elles har det frå planavdelinga i RBO blitt arbeid vidare med sykkelbyprosjektet og prosjektet gangbar tettstad (Leirvik), og ein har vore med og utarbeidd plan for oppgradering av Torget og forstudie for nytt bygg på kaien (Leirvik – ved dagens busshaldeplass).





*For skulane har ein kjøpt inn nye datamaskinar til elevane. Saman med fire kommunar har ein totalt skaffa 4000 nye datamaskinar. Her elevar ved Litlabø skule. Foto Emma Aadland*

### INTERKOMMUNALT INNKJØPSSAMARBEID

Stord kommune er vertskommune for interkommunal innkjøpsordning for kommunane Bømlo, Fitjar, Kvinnherad, Stord og Tysnes. Regionen har etablert samarbeid med Hordaland fylkeskommune, Haugalandet, Hardanger og Voss. Kommunane er gjennom lov og forskrifter pålagt å gjennomføre alle innkjøp etter konkurranse. Innkjøpsprosessane er arbeidskrevjande, men gjev kommunane betre prisar og vilkår. Innkjøpssamarbeidet administrerer rundt 80 innkjøpsavtalar med ulike leverandørar til eit samla verdi på ca. 1 milliard kroner. Av større avtalar etablert i 2014 kan nemnast særskilt legemidlar med tilhøyrande tenester. Denne kontrakten åleine utgjør ca. 100 mill. kroner i avtaleperioden og femner om 20 kommunar.

Det er målbevisst arbeid med innføring av elektronisk handel i 2014, og me har fått etablert elektronisk handel som eit verktøy i kommunane og tek no imot elektronisk faktura i økonomisystemet i EHF-format. Bruk av dei elektroniske verktøya er arbeidssparande og kvalitetssikrar prosessane knytt til kommunale innkjøp. Ved alle utlysingar vert det no sett krav om at det skal etablerast elektronisk handel via e-handelsportalen og at elektronisk fakturering skal nyttast.

### INFORMASJONS- OG KOMMUNIKASJONSTEKNOLOGI

Støtteining IKT driftar data og serversystem, nettverk og programvare for kommunen, i tillegg til å drive utviklingsarbeid. For 2014 vart det registrert 4116 saker i det elektroniske brukarstøttesystemet. 98,6prosent av desse vart løyst inneverande år. I tillegg kjem saker som ikkje har blitt registrert (mørketal) i systemet, men som er løyst "der og då".

IKT-eininga har vore sentral i effektivisering av ulike arbeidsrutinar og oppgåver i organisasjonen, og har leia arbeidet med prosessmodellering av tilsetjingsprosessen, opptak til barnehage (barnehagesøknad) og optimalisering av rutinar kring bruken av Mobil Omsorg.

IKT-eininga i Stord kommune driftar rekneskap, personal- og lønssystemet Agresso for kommunane Bømlo og Fitjar. Agresso er rigga slik at ein frå 01.01.2015 kan rapportere om inntekt, arbeidsforhold og skattetrekk i ei elektronisk melding (A-melding). A-melding erstattar fem tidligare skjema: løns- og trekkoppgåve, terminoppgåver for arbeidsgjevaravgift og forskotstrekk, årsoppgåve for arbeidsgjevaravgift, melding til AA-registeret og oppgåve til lønsstatistikk. Ein har også teke i bruk e-handelsmodul med fakturamatch for betre økonomisk kontroll og rapportering.

På oppdrag frå Stord kommunale Eigedom KF har IKT-eininga innført elektronisk registreringssystem (helpdesk) for innmelding og oppfølging av oppdrag og saker. Driftsoperatørane er utrusta med nettbrett, og har såleis tilgjenge til innmelde oppdrag og dokumentasjon ute i felten. På same vis har IKT-eininga leia arbeidet med innføring av portabel innsynsmodul for Stord Vatn og Avlaup KF; Gemini Portal. Ved hjelp av nettbrett har driftsoperatørane i SVA KF full tilgang til leidningsnett ute i felten, og kan både dokumentera leidningsnett og handtera ventilar frå kor som helst.

For skulane har ein kjøpt inn nye datamaskinar til elevane. Innkjøp vart gjort i samarbeid med fire andre kommunar, og totalt skaffa ein 4000 nye datamaskinar til ein fordelaktig pris. Grunnskulen i Stord disponerer no 1050 elevmaskinar. Det er om lag 2,5 elev pr. datamaskin. Skulane har også fått nytt biblioteksystem. Det nye datasystemet heiter Bibliofil og er det same som Folkebiblioteket brukar.

For pleie og omsorg har ein rigga for utveksling av elektroniske meldingar mellom kommunen sitt pasientjournalssystem, legekontoar og Helse Fonna, og alle meldingar vert no sendt elektronisk mellom desse. IKT-eininga har også oppgåva med å drifte Visma Ressursstyring for Sunnhordland Interkommunale Legevakt, der dei tilsette har tilgang til vakter, timelister og turnusar, og kan sende ut meldingar om ledige vakter.

IKT hadde eit overskot på driftsbudsjettet for 2014 på kr 290 734,-

**ØKONOMI:**
**NØKKELTAL**

Kommunal administrasjon, styring og fellesutgifter, konsern	Samanliknings-				
	2014	2013	Stord 2012	kommunar 2014	Landet utan Oslo 2014
Netto driftsutgifter adm. og styring, i prosent av totale netto driftsutgifter	6,6	7,5	6,7	7,7	8,2
Netto driftsutgifter pr. innb. i kr. adm. og styring	3 135	3 415	2 920	3 791	4 264
Lønnsutgift pr innbyggjar til adm. og styring	2 788	2 537	2 618	2 792	2 997
Brutto driftsutgifter til politisk styring i kr pr. innb.	173	188	197	336	367

*Konsernet Stord kommune nyttar mindre til administrasjon og styring enn gjennomsnittet av andre samanliknbare kommunar. Med konsernet Stord kommune, meiner ein i denne samanhengen at også tala frå dei kommunale føretaka er teke med.*



## KYRKJA

Kyrkja			Stord	Samanliknings-	Landet utan Oslo
	2014	2013	2012	kommunar	2014
Netto driftsutgifter pr. innbyggjar	389	382	371	472	574
Netto driftsutgifter av samla netto driftsutgifter	0,9	0,8	0,8	1,0	1,2
Gudstenester per 1000 innbyggjar	8,1	8,8	9,0	10,9	12,8
Deltaking, gudsteneste søn- og helligdagar per innbyggjar	1,2	1,2	1,2	1,0	1,0
Tal på innbyggjarar medlem av DNK	80,5	81,7	82,9	78,4	76,7
Døypte av tal på fødde	69,8	71,9	76,2	70,4	65,5
Konfirmerte av tal på 15-åringar	71,9	76,7	80,6	68,6	65,4

Stord kommune har relativt låge utgifter per innbyggjar til kyrkjelege føremål. Det må sjåast i samanheng med at kommunen har heller få og store kyrkjesokn. Det er noko færre gudstenester per 1000 innbyggjar i Stord enn i kommunane elles, medan deltakinga i desse og andre kyrkjelege handlingar ifølgje KOSTRA er noko over gjennomsnitt. Statistikken syner likevel at den prosentvise delen blant storabuane som er medlemmer av statskyrkja, som vert døypte og konfirmerte, er synkande.



Nysæter kyrkje.  
 Foto: Emma Aadland

# Næring, miljø og kultur

Målsetjing for 2014 .....	19	Fysisk aktivitet, idrett, friluftsliv og kulturbygg .....	24
Næringsarbeid .....	19	Kulturtenester .....	26
Samarbeidsrådet for Sunnhordland .....	19	Stord Folkebibliotek .....	28
Landbruk og miljø .....	20	Måloppnåing .....	28
Stord hamnestell .....	21	Nøkkeltal .....	29
Nøkkeltal .....	23	Brann, redning og feiing .....	30

## MÅLSETJING FOR 2014

Kommunen sine overordna målsettingar ligg i kommuneplanen for 2010-2021. Stord kommune skal i planperioden stimulera til at visjonen om å vera saman om utvikling og velferd vert realisert gjennom å følgja opp målsettingane innanfor mellom anna desse områda:

- Byutvikling, senterstruktur og samferdsle
- Miljø, estetikk og trivsel
- Arbeid og næringsliv
- Areal

## NÆRINGSARBEID

Stord kommune la på slutten av 2013 førstelinetenesta for næringsetablerarar ut på anbod. Det vart inngått avtale med Samarbeidsrådet for Sunnhordland og Atheno AS. Samarbeidsrådet hadde i perioden juni-desember ytt tenester til fire etablerarar, Atheno AS til 34. Det vart til saman nytta kr 130 000 til tenesta i 2014.

Stord kommune delteki den maritime industriinkubatoren i regi av Atheno AS. Inkubatorbedriftene får m.a. tilgang til kontorfasilitetar til ein lav kostnad og vert del av Atheno sitt fagmiljø. Kommunen ytte kr 150 000 til inkubatoren i 2014, 20 personar og verksemder frå Stord nytta seg av tilbodet i året som gjekk.

Komité for næring, miljø og kultur gav i 2014 tilskot til Handballfestivalen (kr 20 000) og Tall Ships Races «Cruise in Company» (kr 32 386) over løyvinga til næringsarbeid. Disposisjonsfondet nytta dei med kr 30 000 til «Liv og lyst» Litlabø, kr 22 000 til 17. mai-feiringa og kr 19 040 til Grunnlovsjubileet. Kr 28 960 var udisponert.



*Tall Ship Races var blant arrangementa som fekk tilskot frå kommunen i 2014.  
Foto: Kjerstin Risnes*

Stord kommune har i 2014 hatt turistinformasjonsteneste i rådhuset og i kulturhuset. Ein opplever at dette langt på veg dekkar etterspurnaden etter slike tenester og legg opp til å vidareføra ordninga i 2015. Informasjonsbrosjyra vart oppdatert og trykt i nytt opplag. Marknadsføringa av Stord og Sunnhordland skjer i hovudsak gjennom [www.visitsunnhordland.no](http://www.visitsunnhordland.no). Sida hadde 280 000 visningar i 2014, ein auke på 5 prosent frå året før. Stord kommune ytte kr 218 000 kr til Samarbeidsrådet si reiselivssatsing i 2014.

Næringsutvikling er elles ei prioritert oppgåve i Samarbeidsrådet for Sunnhordland, sjå under. Gjennom partnerskapsavtale med Hordaland fylkeskommune har Samarbeidsrådet forplikta seg til å arbeida for det

regionale utviklingsarbeidet. Ein viktig del av arbeidet er å stimulera til næringsutviklingsarbeid på tvers av kommunegrensene for å utnytta regionen sitt samla vekstpotensiale. Stord kommune er også medlem i Stord næringsråd og Hordaland olje og gass.

## SAMARBEIDSRÅDET FOR SUNNHORDLAND

Samarbeidsrådet sitt føremål er «interkommunalt samarbeid på generell basis med særleg vekt på alle typar tiltaksarbeid og utviklingsarbeid. Selskapet skal ta opp saker som kan fremja utviklinga av Sunnhordland, og leggja dei fram til drøfting og utgreiing». Samarbeidsrådet si hovudoppgåve er regional utvikling. I dette ligg også næringsutvikling, samferdsle, reiseliv, omdømebygging, rammevilkår med meir. Rekruttering og omdømebygging

Førsteslått i full gang på Huglo i slutten av mai 2014.

Foto: Gudbjorg Gronsdal



er eit prioritert område i Sunnhordland. Samarbeidsrådet skal blant anna styrkja regionen som bustadregion og gjera regionen meir attraktiv mellom anna for å trekka til seg kvalifisert arbeidskraft.

Ordførar og rådmann representerer kommunen i Samarbeidsrådet. Viktige saker i 2014 har mellom andre vore arbeidet med ferjefri kyststamveg nordover, Hordfast. Rådet engasjerte konsulentselskapet Cowi til å gjennomføra ein analyse med føremål å sjå på kva kryssing av Langenuen som ville vera best for utvikling av Sunnhordland.

Samarbeidsrådet har organisert Sunnhordland sitt felles prosjekt på Kommunal og moderniseringsdepartementet si «strukturereform». I mars arrangerte rådet eit felles formannskapsmøte mellom alle kommunane. Alle kommunane i regionen, utanom Sveio, gjorde vedtak om å starta arbeidet med å få utarbeidd eit faktabasert grunnlag, som i neste omgang skal gjera interesserte kommunar i stand til å vedta framtidig kommunestruktur i Sunnhordland.

Utviklingsprogrammet for byregionar vert køyrd i regi av Samarbeidsrådet, med Stord kommune som A-eigar av prosjektet. Sunnhordland kom med i programmet i fase 1 med prosjektet «Byen og regionsenteret Stord – lokomotiv for vekst og utvikling i Sunnhordland?». Prosjektet skal sjå på forholdet mellom regionsenteret Stord og omlandet, og leggja grunnlaget for ein regional utviklingsplan.

Omdømebygging og reiseliv er andre viktig arbeidsområde. Stord kommune har vore representert på reiselivsmesser m.m. gjennom Samarbeidsrådet. Reiselivssamarbeidet omfattar òg annonsering og produksjon av brosjyremateriell. I 2013 fekk Samarbeidsrådet 404 600 kroner i driftstilskot frå Stord kommune.

#### LANDBRUK OG MILJØ

Stord Fitjar Landbruks- og miljøkontor har ei mangfaldig brukargruppe, alt frå næringsutøvarane i landbruket til folk flest. Med oppgåver innanfor landbruk, natur-, miljø-, areal-, og viltforvaltning og havbruk med meir vert krinsen av brukarar stor. I høve kjøp og sal av eigedom er kontoret årleg involvert i eit hundretals transaksjonar etter konsesjonslova. Godt samspel med statlege styresmakter og andre kommunale kontor er viktig.

Også i 2014 selde landbruks- og miljøkontoret skogkompetanse til Austevoll kommune. Det vart sendt ut to informasjonsskriv frå kontoret, og det vert sendt

ut nyhende per e-post. I tillegg vert heimesida jamleg oppdatert. Desse informasjonstiltaka er blitt godt mottekne blant brukarane.

“Mangfald – Verdiskaping – Trivsel” er visjonen for landbruket i kommunen, utforma i landbruksplanen for Stord og Fitjar 2005-2015. Landbruket er inne i ei utfordrande tid, der omstilling og nytenking er viktige moment. Visjonen for landbruket gjev, trass i sitt bidrag på rundt ein prosent til sysselsetjinga i kommunen, mål og mening til den verdiskapinga næringsutøvarane i landbruket utgjer. Landbruket på Huglo står sterkt, medan det sterke utbyggingspresset på det bynære landbruket kring Leirvik byr på utfordringar. Likevel gjev det også muligheter, mellom anna til tilleggsnæringar.

Mjølkeproduksjonen syner framleis ein nedgang, som i 2014 var på 6 prosent frå 2013. Ved utgangen av 2014 var det åtte mjølkeprodusentar, med ein mjølkekvote på 0,92 millionar liter, fordelt på sju føretak. Positivt

er det likevel at einskilde satsar for framtida med investeringar i nybygg til mjølkeproduksjon (Huglo) og at både sauehaldet og kjøtproduksjon på storfe held seg godt oppe. Dette er også viktig for å halda kulturlandskapet i hevd.

Utbetalte produksjonstilskot i jordbruket i 2014 var 7 939 562 kroner fordelt på 65 søknader (inkludert ei samdrift).

I 2014 fekk Stord kommune løyvd 200 000 kroner i Særskilte Miljøtilskot i Landbruket frå Fylkesmannen i Hordaland. Det vart til saman løyvd 344 850 kroner til ni tiltak. Tilskota gjekk til restaurering av verneverdige bygg og rydding av kulturbeite. Ein søknad var knytt til naturlandskap og sjøfuglbestand.

Det vart utbetalt 179 931 kroner gjennom ordninga Regionalt Miljøprogram, med grunnlag i dei 23 søknadene for 2013. I tillegg er 53 680 kroner berekna utbetalt til Stord beitelag til organisert beitebruk. Det vart i 2013 sankt 2684 sau og lam i Stordfjellet.

Det har vore god aktivitet i skogane i Stord. Relativt gode tømmerprisar gjer det lønsamt å hogga, og mykje skog er hogstmogen. Det vart avverka omlag 3000 m<sup>3</sup> gran og furu. Grana som vart planta på 50- og 60-talet, er snart hogstmogen, og det ser ut for at interessa for furutømmer har auka. Difor vert det viktig å rusta opp kommunale vegar og skogsvegar slik at me kan henta ut det tømmeret som vert hogge. Dei kommunale vegane er ein flaskehals med omsyn til uttak av tømmer i dag.

Det vart felt 142 hjort på Stord i 2014, og det gjev ein fellingsprosent på 88. Stord kommune har god beredskap og rutinar for ettersøk og avliving av skadd hjortevilt. I 2014 vart 19 påkøyrde hjort i kommunen registrert. I Brandvik landskapsvernområde på Huglo er det eit

prosjekt for å hindre beiteskade på barlind. Utvalde tre er utstyrte med ulike patent for å hindra beiting av hjort. Tiltaket er tildelt midlar frå Fylkesmannen, og er eit pilotprosjekt for å lære meir om kva metodar som fungerer best.

Veterinærvaktenesta vert no ivareteken av fire veterinærar. Stord vaktområde består av kommunane Stord, Fitjar, Bømlo og Austevoll. Vaktordningane er delfinansiert med statstilskot. Ettersom talet på produksjonsdyr i vaktområdet har gått nedover, og dermed inntektsgrunnlaget for veterinæranne, kan det bli ei utfordring framover å halda beredskapen på eit forsvarleg nivå.

Landbruks- og miljøkontoret er prosjektleiar for Vassområde Sunnhordland. I 2014 har dette arbeidet utgjort 25 prosent stilling. Hovudoppgåvene har vore å slutføra tiltaksanalysen for Vassområde Sunnhordland, kvalitetssikra Forvaltningsplanen til Vassregion Hordaland og arrangera møte lokalt for å informera og å invitera til dialog.

### STORD HAMNESTELL

Stord Hamnestell skal leggja til rette for og overvaka skipstrafikken i Stord kommune. Dagens rutetrafikk går over Leirvik hamn (hurtigbåt) med 6 952 anløp og ferjekaiiane Skjersholmane og Jektevik med 17 544 anløp. Offshore- og større stykkgodstrafikk går stort sett over Eldøyane. Av andre anløp var 1 443 frå innanriks- og 634 frå utanriksfart. Samla vart det 26 573 anløp i 2014, med i alt 120 526 tonn gods over offentleg kai.

Stord Hamnestell har to godkjente ISPS hamner (International Ship and Port Security), Stord Hamn Eldøyane og Leirvik Hamn ISPS-terminal. Det er også fem godkjende privateigde ISPS-terminalar i Stord og

ytterlegare to terminalar ventar på godkjenning. Ein ser at anløp av farty til ISPS-terminalar er aukande, samt at etterspurnad etter bakareal og meir kai også aukar. I 2014 hadde Stord Hamnestell tre anløp av cruisebartøy til sin ISPS-terminal på Leirvik, to anløp av MS Albatros og eitt anløp av MS Europa. Vidare var Stord Kommune vert for fartya i seilasen «Tall Ship Cruise-in Company».

Beredskapsbåten «Blåkraft» vert brukt av hamnestellet og brannstellet, ved forureiningar og elles ved førespurnad frå politi eller annan offentleg styresmakt. Redningsselskapet sin båt, «RS Simrad Færder», vart godkjent som redningsfarty i 2013. Denne båten har fast kai plass ved Eldøyane, og å ha ein godkjent redningsbåt i kommunen sitt sjøområde er ein styrke for beredskapen i kommunen. Hamnesjefen er nestleiar i IUA Haugesundregionen. Dette er et samarbeid mellom 18 kommunar. Stord Kommune har også eigen beredskap, og har utstyr til å rykkja ut i akutt-tilfelle. Oljevernberedskapen for sjø er det hamnestellet og brannstellet som står for. Hamnestellet har i år oppgradert lageret av oljelenser og oljevernutstyr.

Avfallhandtering i hamner er regulert i forskrift. Hamnestellet har utarbeida og fylgjer no ein godkjent avfallsplan for hamner. Denne planen gjeld for Leirvik Gjestehamn og Leirvik Småbåthamn samt for alle farty ved offentleg kai. Hamnestellet har i samarbeid med SIM og i samsvar med avfallsplan sett ut ein restavfallscontainer i sesongen i gjestehamna samt ein restavfallscontainer og ein miljøcontainer ved Rindbua på moloen. Desse skal nyttast av leigetakarar i småbåthamna.

Leirvik småbåthamn har over 200 leigetakarar og ein arbeider med å leggja til rette for fleire båtplassar. Hamnestellet har ein god og stabil kundemasse i

*Stord Hamnestell skal leggja til rette for og overvaka skipstrafikken i Stord kommune. Her ved Stord Hamn Eldøyane.*

*Foto: Lars John Bukkøy*

småbåthamna i Leirvik. I 2014 vart det avvikla seks kundeforhold og inngått seks nye og sendt ut fleire tilbod. Stord Hamnestell har i 2014 rusta opp B-bryggja samt flytta båtar med plass på A-bryggja slik at denne no berre vert nytta som bunkringsbrygge.

Hamnestellet har som mål å liggja i toppen med dei populære gjestehamnene. Det vart også i 2014 gjennomført ei brukarundersøking i gjestehamna som gav gode tilbakemeldingar. Hamnestellet har i 2014 hatt sommarvikararar som har sytt for reinhald og orden og som stundvis har laga til og gitt besøkande tilbod om vaflar og saft. Flytebryggja utanfor Thiisafabrikken er planlagd 50 prosent eigd av Stord hamnestell og skal nyttast delvis til gjestehamn. Avtale med eigar av bryggja er enno ikkje signert. Hamnestellet har til no kosta vatn og straum til bryggja og har nytta den som gjestebrygge i sesongen.

Strandpromenaden har ført til ei meir roleg og barnevennleg hamn. Grillhuset og leikeplassen er i bruk stort sett heile året, både av fastbuande og båtgjestar. I Sagvåg Gjestehamn er det innreia ein sokkeletasje i nærleiken av gjestehamna med fellesrom, dusj, toalett og vaskemaskin.

Talet på overnattingsbåtar i Huglo, Sagvåg gjestehamn og Leirvik gjestehamn var i 2014 talsett til 2250. Ein kan då gå ut i frå at det var nesten 8 000 besøkjande i gjestehamnene i sommarmånadane. Hamnestellet ser at båtsesongen vert lengre for kvart år, i 2013 og i 2014 avslutta ein teljing av besøkjande i hamna 1. september. Den flotte sommaren i 2014 førte til ein nedgang i talet



overnattande gjestebåtar på 737 stk. Det var til dømes under «Tall Ship Cruise-in Company» heile 44 båtar mindre i gjestehamna enn same tidspunkt året før (2014-130 båtar/2013-174 båtar).

Stord Hamnestell har no tydeligvis fått heilårsopplag for ferja «Skånevik». Veteranbåten «Granvin» har i sommar ved sine turar hatt anløp og kai ved Sunnhordlandskaien, og Sunnhordland Motormuseum har av og til veteranbåtar på vitjing ved Natrutekaien.

Stord Hamnestell har i 2014 teke i bruk ny kaipir og fylt ut bakareal ved piren på Eldøyane. Den nye kai-piren har

medført auka trafikk til ISPS-terminalen på Eldøyane då ein no kan ta imot større farty enn tidlegare. Om lag 10 mål, utanom terminalane, er på Eldøyane no leigd ut på langsiktige kontraktar. Hamnestellet er i forhandlingar om å få kjøpa meir sjøline og bakareal i dette området som er knytt til eksisterande kaianlegg og bakareal. Dette for å kunna ha høve til å byggja ut meir og lengre kaiar og vera i forkant av behov som Hamnestellet forventar vil oppstå innan maritim næring og sjøtransport. ISPS-terminalen og eksisterande kaianlegg ved Stord Hamn Eldøyane har ein jamn auke i trafikk og varer over offentleg kai.

## NØKKELTAL

<b>Driftsrekneskapen for 2014 syner slike tal (i heile 1000 kroner):</b>	<b>REKNESKAP 2014</b>	<b>BUDSJETT 2014</b>	<b>REKNESKAP 2013</b>	<b>REKNESKAP 2012</b>
Sum Driftsinntekter	-10 774	-7 387	-7 721	-6 919
Sum Driftsutgifter	8 923	6 234	7 773	6 155
Brutto driftsresultat	-1 851	-1 153	52	-764
Resultat ekst. finanstransaksjoner	1 106	1 110	825	262
Motpost avskrivningar	-1 701		-1 545	-1 412
Netto driftsresultat	-2 446	-43	-668	-1 913
Finanstransaksjonar	0	0	0	902
Resultat etter int. finanstransaksjonar	-2 446	-43	-668	-1 012

## FYSISK AKTIVITET, IDRETT, FRILUFTSLIV OG KULTURBYGG

Det er Stord kommunale eidegom KF som driftar idrettsanlegga som Stord kommune eig. Utleige av gymnastikksalar vert gjort av rektorane, medan Stord kommunale eidegom KF tildelar treningstid ved kommunale fotballbanar. Stord idrettspark har i tillegg til eiga verksemd ansvar for drift og utleige av Prestagardsskogen fleirbrukshall.

I januar vart det sendt inn 24 godkjende spelemiddelsøknader (17 til ordinære idrettsanlegg og sju til nærmiljøanlegg) med samla kostnadsoverslag på kring kr 55,8 mill. Det vart søkt om vel kr 17 mill. i tilskot. Etterslepet i søknadsmassen er redusert til 3-4 år. Stord kommune fekk sommaren 2014 tilsegn på vel kr 4,4 mill. i spelemidlar.

Anlegga som fekk tilsegn var:

### Ordinære anlegg (kroner):

Prestagardsskogen idrettspark - klubbhus, lagerdel	700 000
Prestagardsskogen idrettspark - garderobebygg	500 500
Stord Hestesportsenter - utandørsbane	700 000
Stord Hestesportsenter – ridesti	700 000
Stord Hestesportsenter – lager	1 000 000

### Nærmiljøanlegg (kroner):

Langeland - klatreanlegg	201 000
Hustrudalen - Nysæter - tursti, lys	300 000
Hustrudalen - Rutle, tursti	300 000



Stord-Fitjar Turlag har saman med SKL sett i stand Tårnet på Stovegolvet.  
Foto: Astrid Larsen





Idrettsanlegget i Prestagardsskogen.

Foto: Marius Hope

Rehabilitering og utviding av helsesportløypa i Prestagardsskogen er no slutført, det einaste som står att er å setja opp nye informasjonstavler. Trott har starta å byggja klubbhus på pistolbanedekket. Parkeringsplassen er asfaltert og har fått lys. Lysløype herifrå og opp til Hestesportsenteret ved E39 er kome på plass.

På Vikahaugane har nyehallen, friidrettsdekket og turnbassenget har fått nytt dekke og hallen er elles vorte oppgradert. Det vart skipa NM i turn her i år.

Garderobeanlegg er bygd ved Langelandsbana og garderobeanlegg med klubbhus på Vikahaugane.

Arbeidet med regionalt hestesportsenter på Tyse er snart ferdig. I løpet av året har Stord Hestesportsenter fått utbetalt spelemidler til utandørsbane, lager og ridesti.

Det vart opna oppgradert og lyssett turveg frå Hustrudalen til Nysæter idrettsanlegg. Motocross-

klubben har laga turveg på baksida av motocrossanlegget i Hustrudalen og vidare mot Rutle. Friluftsrådet vest har sett opp nytt toalettanlegg i Breivikjo. Forprosjekt av turveg rundt Ådlandsvatnet er kome i gang og politikarane har løyvd midlar for 2015. Å få realisert vegen vil vera eit fint tilskot i Friluftslivets år.

Utbetringa av vegen frå «Eventyrskogen» og attende til Lysløypa i Landåsen er ferdig og anlegget er særskilt nytt. Oppgradering av turveg frå Heio til Steinen, i regi av skigruppa, er ferdig. At ein har drenert myra gjer det og lettare å køyra skiløyper.

Prosjekt med internasjonal merkestandard (gradering av vanskegrad) for fleire av turstiane på Stord er slutført. Standarden er den same som for alpint, der det går frå vanskeleg til lett med fargane svart, raudt, blått og grønt. Totalt 36 ulike turstiar på Stordøya er merka med skilt og informasjonstavler.

Stord-Fitjar Turlag har saman med SKL sett i stand Tårnet på Stovegolvet. Dette har vorte eit landemerke og eit mykje brukt turmål.

Kartlegging av lokale friluftsområde er eit prosjekt i slutføringsfasen. Ein ønskjer å registrera og verdsetja dei mindre friluftsområda i kommunen. Målet er å ta vare på flest mogleg av desse og hindra at dei vert bygde ned.

Det er over 210 registrerte idretts- og friluftsanlegg i Stord kommune. Ein merkar ein klar tendens til at fleire av desse no treng rehabilitering/oppgradering. Stord kommune fekk utarbeidd rehabiliteringsplanar for nyehallen, turnbassenget og friidrettsdelen på Vikahaugane. Stord kommunale eigedom KF jobbar med det same for andre anlegg. Fond for utlån til lag og organisasjonar hadde i utgangspunktet ei ramme på kr 12 mill., men vart auka til kr 15 mill. for 2014. Ved årsskiftet var det kring kr 4,9 mill. til rådvelde. Det er seks ulike prosjekt som har lån i fondet. Stord Hestesportsenter har majoriteten av låna.

Ny kommunedelplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv er på det næraste ferdig, berre eigengodkjenning står att.

Det var ingen søknader om midlar til kulturbygg i år, men det er planar for rehabilitering av Kulturhuset.

Kommunen har eit aktivt lag- og organisasjonsliv. Saman med kommunale og andre offentlege midlar klarer ein å realisera mange flotte prosjekt.

Barne- og ungdomsteaterfestivalen 2014.  
Foto: Kristine Thorkildsen

## KULTURTENESTER

Det held fram å vere eit høgt aktivitetsnivå i Kulturhuset. Huset var mykje i bruk gjennom heile fjoråret. Besøkjande til kinoframsyningar låg ganske stabilt på 41 823, opp frå 40 209 i 2013. Av dei ti mest sette filmene i 2014 var sju av dei norske, og aller flest var det som såg filmen «Karsten og Petras vidunderlige jul».

Når det gjeld sceneframsettingar, har det i 2014 vore ei stor auke i besøkjande i høve til dei føregåande åra, med 18.869 selde billetter, mot 10 813 i 2013. Stord Teaterlag sette opp Pinocchio, musikklinja synte oss Jesus Christ Superstar, Christine Hope og Dagfinn Lyngbø fekk begge fram latterbrøla, Leirvik Mannskor feirte 100-årsdagen med jubileumskonsert, Riksteatret gjesta Stord med sju oppsetjingar, i tillegg til mykje anna.

Elles er huset nytta til ulike utstillingar og møter, og mange leiger Kultursenteret til fødselsdagsfeiring. Symjehallen er i bruk frå morgon til kveld. Når det ikkje er offentleg bading er det skular eller idrettslag som brukar hallen.

## Teaterfestivalen

Teaterfestivalen 2014 var feiring av vår 30.festival. Det blei ein festival med høgt tempo og få pausar. Det var 223 barn og 40 leiarar med. 12 teaterlag hadde kvart sitt stykke som dei spelte. Feiringa var svært vellukka med festivaltog der melom anna ordførar Liv Kari Eskeland var med, Teaterfestivalshow og festmiddag. Christine Hope opna festivalen til stor glede for publikum. Teknisk arrangør Stord Teaterlag har stor del av æra for at dette blei ein festival som vart gjennomført på vellukka vis.



## Falturiltu

2- 7 november 2014 vart den åttande barne-litteraturfestivalen Falturiltu skipa til. Temaet for festivalen var «Fantasi og fanteri», og like over 4000 personar deltok på festivalen. Eitt av prinsippa festivalen arbeider etter, er å bringa bøkene ut til nye arenaer og dermed også til nye lesarar. Basert på dette har me i fleire år hatt Ballturiltu – ein bok- og fotballfest. I 2014 vart to nye konsept utvikla: Stallturlitu (Samarbeid med Stord hestesportsenter) og Talturiltu (Bok- og mattefest på Nordbygdo ungdomsskule) Festivalen har eit breitt samarbeid med utdanningsinstitusjonane på Stord, der elevar, studentar og lærarar var både utøvarar og tilskodarar. Det vart mellom anna arrangert forfattarbesøk på fleire av skulane på Stord.

## Fritidsklubbane

Besøkstala på Litlabø og Harri fritidsklubb har kvar klubbkveld variert mellom 35 og 45 ungdommar. Harri fritidsklubb er eit godt fungerande ungdomstilbod. Ein jobbarforatdetskal fortsetja å vera ein sosial møtesplass, der alle skal kjenna seg trygge og inkluderte både av andre ungdommar og av dei vaksne. Miljøet på Litlabø fritidsklubb er også godt. Aktivitetsnivået er høgt, og det er ein trufast og livleg gjeng som brukar klubben. Det er auke i tal jenter som nyttar klubben. Dagens ungdom sit mykje føre dataskjermen, og kontakt med andre skjer gjennom sosiale media, så det å ha ein møteplass som fritidsklubbane er viktigare enn nokon gong.

Mandags- og Onsdagsklubben held til i Kulturhuset, og er godt besøkte av dei som er i målgruppa. Mellom 30 og 50 besøkte klubbkveldane til Onsdagsklubben, dei

fleste med følgje av støttekontakt, personleg assistent og følgje frå bustadane. Aktivitetar som engasjerer stort er bingo, basar, yatzy, boccia og dans. Klubben har fast DJ, som også er med i tilrettelegginga.

### Prisar og stipend

Stord kommune nyttar Stord Musikklag sin nyttårskonsert til å dela ut ei rekkje prisar. Desse fekk tildelt prisar i 2014:

Kulturprisen: Leirvik Mannskor  
Målprisen: Akvator AS  
Eldsjelprisen: Runar Øvrebø  
Seniorprisen: Johann Belsvik  
Kulturstipendet: Hanne Marthe A. Kommedal

## Leirvik fyr

Like før jul 2013 avgjorde Haugaland og Sunnhordland jordskifterett grensestrid mellom grunneigarar og Stord kommune. Dei slo fast at grensene gjekk slik grunneigar har hevda. Stord kommune anka domen til lagmannsretten og her fekk kommunen medhald. Grunneigarane anka lagmannsretten sin dom inn for Høgsterett. 6. februar 2015 kom meldinga frå Høgsterett sitt ankeutval om at anken er stoppa, og lagmannsretten si avgjerd er dermed endeleg.

## Utsmykkingsfondet

Ved nybygg og ved sal av eigedom vert det sett av midlar til kunstnarleg utsmykking på eige fond, Utsmykkingsfondet. Styret for utsmykkingsfondet har sett av ein million kroner, samla, til Torget og

Vidsteenparken. Jørund Fjøsne er kunstnarleg konsulent begge stader. Komiteane vil leggja fram ein utsmykkingsplan i 2015. Grafittiverket «Kebab med saus og melk» av Nathanael Larsson vart montert og opna på galleriet i Kulturhuset.


## Internasjonalt kommuneprojekt (MIC)

Stord kommune deltok i det internasjonale kommuneprojektet MIC i regi av KS (kommunesektorens organisasjon).

Stord kommune samarbeidde med venskapsbyen Comalapa i Guatemala om to tema: Auka medvit om miljø/bosshandsaming og auka kvinneleg deltaking i lokalt styre.

2014 skulle vore første året i ein ny 3-årsbolc i MIC-programmet, som KS administrerer på vegne av Norad. Men Norad vedtok at MIC-programmet skulle utfasast i 2014 med halvparten av dei midlane som vart stilt til rådvelde i eit normalår. MIC-prosjektet mellom Stord og Comalapa kommunar vart difor avslutta pr. 31.12.2014. Stord og Comalapa kommunar vurderer MIC-samarbeidet som vellukka og hadde i utgangspunktet ønskje om å halda fram i to år til.

Biblioteket fekk i 2014 tilrettelagt for auka bruk av automatisert utlån.  
Foto: Stord folkebibliotek



## STORD FOLKEBIBLIOTEK

KOSTRA står for Kommune-Stat-Rapportering og gjev statistikk om ressusinnstatsen, prioriteringar og måloppnåing i m.a. kommunar. Nedanfor finn ein KOSTRA-tal for biblioteka i Stord kommune. Tala syner kommunen si måloppnåing på utvalde satsingsområde. Måla tek utgangspunkt i erfaringstal.

### STORD FOLKEBIBLIOTEK, MÅLOPPNÅING

	mål 2014	resultat 2014	resultat 2013
Netto utgift til bibliotek, per innbyggjar		197,0	211,0
Utlån alle medium frå folkebibliotek per innbyggjar	3	2,1	2,5
Besøk i folkebibliotek per innbyggjar	3	1,5	1,9

Ei stikkprøveregistrering ei veke i 2014 viste eit bibliotekbesøk på 553 ved hovudbibliotek og filial til saman. Dette gjeld alle typar besøk: for lån , for å finna informasjon, for å lesa aviser og tidsskrift og for å nytta Internett m.v. Ut ifrå stikkprøveregistrering dei seinaste åra vert det rekna med eit besøk på mellom 500 og 700 i kvar veke som eit gjennomsnitt.

I 2014 hadde biblioteket eit samla utlån på 40 802. I tillegg var det eit utlån på 1185 på Nordbygdo, som går på skulebibliotekutlån. Talet kan ikkje direkte samanliknast med tidlegare år av di biblioteket var stengt ein periode i samband med klårgjering for automatisering.

Biblioteket fekk i 2014 tilrettelagt for auka bruk av automatisert utlån. Det vart gjennomført eit omfattande internt opplegg for å gjera media i biblioteket klare for utlånsautomatar. Føremålet er at publikum i aukande grad sjølv kan hjelpa seg med utlån og innlevering. Biblioteket kan då i periodar ha berre ein person i publikumssranken. Som fylgje av opplegget vart opningstidene ved hovudbiblioteket frå 2014 utvida med seks timar i veka.

Stord folkebibliotek vart i 2014 med i ordninga med e-bokutlån som vert administrert av Hordaland fylkesbibliotek. Lånarar ved Stord folkebibliotek kan no låna e-bøker på line med «vanlege» bøker. Etter ein oppstart med 400 titlar er utvalet etter kvart utvida. 2014 var eit aktivt år i barnebibliotekverksemda.

Ved hovudbiblioteket var i alt 24 skuleklassar på besøk for orientering og lån. I tillegg har klassar frå Sagvåg og Litlabø skule hatt regelbundne besøk for lån og litteraturformidling ved filialen i Samfunnshuset.

Det var i 2014 eventyrstund-arrangement fire gonger med i alt 132 barn til stades. Barnebibliotekaren har elles hatt eit kursopplegg for barnehagepersonale og dei bibliotektilsette om nyare biletbøker.

Fleire barnehagar og skular har hatt bokdepot frå folkebiblioteket, og i samband med Falturiltu hadde biblioteket klassesimar med forfattarane Janne Nerheim og Asbjørn Rydland.

Folkebiblioteket og biblioteket ved Nordbygdo ungdomsskule har elles samarbeid om utlån av barne- og ungdomsbøker ein gong i veka.

Biblioteket hadde i 2014 fem arrangement i samarbeid med foreininga Øyo (Øyo-biblioteket). I samarbeid med Sunnhordland museum og Stord sogelag hadde også biblioteket einskildarrangement og var involvert i opplegg med Seniorsurf. Folkebiblioteka har som ei viktig ny oppgåve å vera ein møteplass og arena for offentleg samtale og debatt.

Folkebiblioteka i Sunnhordland har eit nært samarbeid m.a. om felles nettside (Sunnbib), felles kompetanseoppbygging og depotutveksling. Særleg nært er samarbeidet mellom Stord og Fitjar folkebibliotek, som har felles database og transportordning.

## NØKKELTAL

Kultur	Samanliknings-				
	2014	2013	Stord 2012	kommunar 2014	Landet utan Oslo 2014
Netto driftsutgifter for kultursektoren per innb. i kroner	1 505,0	1 437,0	1 296,0	1 722,0	1 998,0
Netto driftsutgifter til folkebibliotek per innbyggjar	197,0	214,0	170,0	241,0	279,0
Utlån alle medier frå folkebibliotek per innbyggjar	-	2,5	2,7	-	-
Besøk per kinoframsying	32,1	31,2	38,6	29,4	28,9
Netto driftsutg. til aktivitetstilbod barn og unge per innb.	61,0	53,0	60,0	143,0	167,0
Netto driftsutgifter til idrett per innbyggjar	180,0	178,0	175,0	165,0	180,0

*Kommunen brukar mindre til kulturføremål enn gjennomsnittet av kommunane i samanlikningsgruppa.*



Open dag på brannstasjonen.  
Foto: Stord brann og redning

Førebyggjande avdeling gjennomførte 100 prosent branntilsyn i særskilde brannobjekt (§13-bygg) i 2014. Tilstanden er varierende, men blir betre for kvart år. Både på kommunalt og nasjonalt nivå er førebyggjande brannvern satsingsområde. Feiarvesenet har gjennomført 1050 bustadtilsyn og 2761 feiingar i Stord kommune. Avdelinga sel og slike tenester til Fitjar kommune. Statistisk er det få pipebrannar i Stord kommune, noko som kan tyde på at avdelinga driv godt førebyggjande arbeid.

Det er i 2014 starta opp eit prosjekt i samarbeid med heimebaserte tenester som særskilt rettar seg mot brannførebyggjande tiltak for eldre. Prosjektet skal vidareførast i 2015.

## BRANN, REDNING OG FEIING

Beredskapsavdelinga har og i 2014 hatt stor aktivitet med øving og opplæring for tilsett personell. Det vart gjennomført 138 utrykkingar mot 121 året før. Eininga har dei siste åra gradvis fornya utstyr, noko som gjer at beredskapsutstyret eininga rår over i dag er tenleg. Dette er naudsynt for å oppretthalda god og effektiv beredskap.

Med bakgrunn i ein-ROS analyse og eit forstudie, vart det sett i gong eit forprosjekt som skulle sjå på organisering og dimensjonering av Stord brannvesen og føreslå tiltak knytt til avvik som vart avdekke i ROS-analysen.

Kort oppsummert konkluderte forprosjektet med følgjande tilrådingar:

- Dagkasertering av mannskap
- Ombygging knytt til dagkasertering
- Auke i stillingsbrøk for brannsjef, leiar førebyggjande avdeling og beredskapsleiar
- Tiltak for å stetta nye krav innan HMT (grunna kreftfare)
- Nytt namn: "Stord brann og redning"
- Behov for styrka opplæring av mannskap

Komité for næring, miljø og kultur tok i PS sak 22/14 forprosjektet til orientering og ba om at tiltaka i planen vert vurdert i samband med rullering av økonomiplanen.

# Regulering, byggjesak og oppmåling

Måloppnåing .....	32
Plan og byggesaker .....	33

Nedanfor finn ein KOSTRA-tal for regulering, byggesak og oppmåling i Stord kommune. Tala syner kommunen si måloppnåing på utvalde satsingsområde. Måla tek utgangspunkt i erfaringstal.

MÅLOPPNÅING	mål 2014	resultat 2014	resultat 2013
Sakshandsamingstid, reguleringsplanar, dagar	< 240	160	257
Sakshandsamingstid, oppmålingsforretning (dagar)	< 70	40	111
Del søknad om tiltak der kom. har brote pålagt sakshands. tid i prosent	0	7	10
Handsamingstid, eit-trinns søknader (dagar)	< 35	70	56
Handsamingstid, rammesøknader (dagar)	< 35	70	60
Handsamingstid, enkle tiltak (dagar)	< 15	20	21



## PLAN OG BYGGESAKER

Aktiviteten innan plan, byggjesak og oppmåling har gått ned i 2014 i høve 2013. Av private planframlegg er det berre éin reguleringsplan som har blitt endeleg vedteken i 2014 (datagrunnlaget for sakshandsamingstid i 2014 er dermed lågt, jf tabellen over). Avdelinga har likevel hatt arbeid med andre, kommunale plan- og prosjektarbeid, og planarbeid i regi av Statens vegvesen.

Oppmålingsavdelinga har merka nedgang i tilfanget av delingssaker og anna oppmålingsarbeid samstundes som at avdelinga i 2014 har hatt full kapasitet. Sakshandsamingstida har dermed gått drastisk ned. Det er vidare ein trend ved tettare utbyggingsmønster at ein søker seksjonering av eigedomar i staden for deling. Tilfanget til oppmålingsavdelinga heng også saman med nedgangen i private plansaker.

Byggjesaksavdelinga har hatt høg aktivitet, og handsaming av nye saker og klagesaker har blitt prioritert. Sakshandsamingstida har i hovudsak vore innanfor lovpålagte fristar. Grunna mange saker har eininga heller ikkje i 2014 hatt ressursar til å kunne prioritere å gjennomføra tilsyn i byggjesaker eller følgja opp ulovlege byggjetiltak i den grad som har vore ønskjeleg. Byggjesaksavdelinga hadde vakanse hausten 2014 då éin sakshandsamar slutta. Det vart seinhaustes rekruttert to nye sakshandsamarar med kompletterande bakgrunn i høve dei eksisterande, med tilsetjing frå januar 2015. Føremålet var å redusere sakshandsamingstid, auke juridisk kompetanse på avdelinga, samt å kunne utføre tilsyn og fylgje opp ulovleg byggjearbeid.



Den gjennomsnittlege handsamingstida for alle typar saker er eit resultat av talet på saker, type saker, kvaliteten på søknadene og sakshandsamingkapasiteten. Det er framleis mange søknader med feil og manglar som dreg den gjennomsnittlege handsamingstida opp. Byggjesaksavdelinga tok i 2014 imot totalt 259 nye søknader; det vart fatta vedtak på totalt 326 søknader, og det vart utferda mangelbrev/ etterspurt tilleggsinformasjon i totalt 106 saker. Talet på mangelfulle saker er høgt.

Sjølvkostprinsippet vart innført f.o.m. 2013 ved føring av overskot/underskot mot fond. Det vart framleis i 2014 arbeidd med korreksjonar av sjølvkostmodell og kartlegging i høve kor stor del av arbeidet på dei ulike

avdelingane (oppmåling og plan) som etter lova kan gebyrfinansierast. Føreliggjande tal viser at gebyra på byggjesak kombinert med høg byggjeaktivitet også i 2014 medførte overskot. På oppmåling og plan viser føreliggjande tal underskot for 2014.

Eininga har, bortsett frå vakanse på byggjesak hausten 2014, hatt full bemanning og hatt lite sjukefråver. Det vart tilsett ny einingsleiar for RBO hausten 2013.

# Oppvekst og utdanning

Barnehagane .....	36	SLT .....	45
Måloppnåing .....	36	Utekontakten.....	45
Nøkkeltal .....	38	Barnevern .....	46
Skulane .....	39	Måloppnåing .....	46
Måloppnåing .....	39	Nøkkeltal .....	46
Nøkkeltal .....	41	Kulturskulen .....	48
Sosial- og førebyggjande tenester, SOFT.....	43	Nøkkeltal .....	49
Skule- og helsestasjonstenesta.....	43	MOT 2014 .....	50
Nøkkeltal .....	43		
Pedagogisk, psykologisk teneste (PPT) .....	44		
Nøkkeltal .....	44		



Undring i barnehagen.  
Foto: Trodlaugan barnehage

Barn og ungdom sine oppvekstvilkår er avhengig av langsiktige kommunale prioriteringar og god samordning av tenester og tilbud. Alle som har eit ansvar i forhold til oppvekstmiljøet til barn og unge, må jobba målretta og i fellesskap.

Våren 2014 vart «Plan for kvalitetsutvikling for oppvekst 2014-2017» vedteke i Komité for oppvekst og utdanning. Føremålet med planen er å sikra ein praksis i tenestene som er i samsvar med nasjonale og lokale føringar, å sikra ein samordna innsats av tenestene knytt til barn, unge og deira familiar som ein føresetnad for eit inkluderande oppvekstmiljø, og å gi utvalde arbeidsområde status og prioritet ved at det blir forankra på politisk nivå. Planen gir felles forankring for alle. For at utviklingsarbeid skal nå forventa målsetjingar, veit ein frå forsking at det vil vera trong for å arbeida systematisk minst over 3-5 år.

Stord kommune er ein av åtte pilotkommunar som deltek i Helsedirektoratet si satsing på betre samordna tverrfagleg innsats for sårbare barn (BTI). BTI skal sikra at barn og unge får støtte så snart som mogleg etter at det har oppstått uro for dei, og innsatsen skal gjennomførast i nært samarbeid med foreldra og i ein kontinuerleg dialog med barnet/den unge.

Heile oppvekstområdet deltek i satsinga, og i møte med representantar frå Helsedirektoratet i februar 2015 kom det m.a. fram:

- Når skule eller barnehage no inviterer hjelpetenester og/eller barnevern til samarbeid om barnet, vert det registrert at det blir sett inn meir tiltak overfor barnet i den eininga der dei til dagleg er, og foreldra er alt involverte i eit samarbeid.
- Mange av tiltaka som barnevernet før kom i gong med etter melding og undersøking, kjem no i større grad inn som ein konsekvens av at barnevernet har delteke i nettverksinnsatsen retta mot barnet og er av førebyggjande art.

Arbeidet med BTI er omfattande og involverer mange fagområde og tilsette, og det vil såleis ta lang tid før intensjonane i utviklingsarbeidet heilt og fullt blir lagt til grunn for alt arbeid med barn og unge, men dei gode registreringane tilseier at oppvekstområdet er på rett veg.

## BARNEHAGANE

Nedanfor finn ein KOSTRA-tal for barnehageområdet i Stord kommune.

Tala syner kommunen si måloppnåing på utvalde satsingsområde. Måltala tek utgangspunkt i erfaringstal.

BARNEHAGE MÅLEKART	mål	resultat 2014		
	2014	Stord	Grp. 8	Landet
Andel styrarar og pedagogiske leiarar med godkjent førskulelærerutdanning, i prosent	> 96,1	96,1	91,9	90,9
Leike- og opphaldsareal per barn i komm.bhg (kvadratmeter)	4,8	4,5	5,9	5,8
Del tilsette som er menn, prosent	> 3,8	4,9	6,4	7,6
Del minoritetsspråklige born i barnehage av innvandrerborn 1-5 år	> 67,0	79,0	74,6	74,9
Tal førskulebarn som får spesialpedagogisk hjelp etter opplæringslova §5-7	< 20,0	20,0		

Hausten 2014 var det berre ein tilsett med dispensasjon frå utdanningskravet i barnehagar i Stord kommune. Vedkomande arbeider i ein privat barnehage. Dette viser at det framleis er god tilgang på pedagogar med godkjent førskulelærerutdanning i kommunen.

I fjor hadde om lag 50 prosent av dei tilsette i assistentstillingar (stillingar utan krav om formell kompetanse) i kvar av dei fem kommunale barnehagane fagutdanning som barne- og ungdomsarbeidarar. Dette er noko meir nyansert i dei private barnehagane, der seks av dei 16 barnehagane ikkje har tilsett fagarbeidarar. Per desember i fjor var det til saman seks lærlingar i dei kommunale barnehagane. Fylkesmannen, fylkeskommunen og kommunane samarbeider om

å auke innsatsen overfor tilsette som ynskjer å ta fagbrev som barne- og ungdomsarbeider gjennom praksiskandidatordninga i 2014/15. Dette er eitt av fleire tiltak som vert tilbydd innanfor strategien «Kompetanse for framtidens barnehage».

Av totalt 344 tilsette i barnehagar i Stord kommune hausten 2014 var 23 menn. Sju av dei arbeidde som vaktmeister, reinhaldar eller kjøkkenassistent og to som administrativt/merkantilt personale.

Det er eit nasjonalt mål at minst 20 prosent av dei tilsette i barnehagane er menn.



Hausten 2014 hadde 1 176 barn barnehageplass i barnehagar i Stord kommune.  
 Foto: Trodlaugaugen barnehage

Barnehageåret 2014/2015 får sju nytilsette nyutdanna pedagogar i kommunale og private barnehagar nettverksrettlegg i regi av kommunen. Nettverksrettlegg er pedagog i kommunal barnehage.

Medarbeidarundersøkinga i 2013 viste at dei tilsette i dei kommunale barnehagane i stor grad er nøgde med arbeidssituasjonen sin og at dei har kompetanse til å utføra arbeidsoppgåvene sine. Utfordringa til barnehagane er å få ned sjukefråværet. Tiltak i barnehagane for å få ned sjukefråværet er mellom anna gode system for medverknad og sosiale tiltak.

Hausten 2014 hadde 1 176 barn barnehageplass i barnehagar i Stord kommune. Dette er 24 fleire enn året før. Ti barn i kommunen hadde barnehageplass på Bømlo og Fitjar. 123 av barna i barnehagane var minoritetsspråklege.

Det var i 2014 ei utfordring for kommunen å innfri lovkravet om barnehageplass til barn med rett til slik plass. Kommunen greidde å innfri lovkravet mellom anna ved å oppretta åtte nye barnehageplassar i Ås barnehage.

20 førskulebarn hadde hausten 2014 vedtak om spesialpedagogisk hjelp, 15 av desse barna gjekk i private barnehagar og fem i kommunale.

Hausten 2014 vart det etablert eit spesialpedagogisk team for pedagogar som gjev spesialpedagogisk hjelp til barn under opplæringspliktig alder. Teamet er organisert i eining for Sosiale og førebyggjande tenester (SOFT). Tidlegare var spesialpedagogane tilsett i dei ulike kommunale barnehagane. Det var fleire grunnar til at ein oppretta dette teamet. Ein av grunnane var å sikra nok pedagogar som gjev dette tilbodet gjennom heile arbeidsåret.

Det var gjennomført åtte tilsyn i barnehagar i Stord kommune i fjor. Det vart avdekka eitt avvik, som no er retta det opp.

**NØKKELTAL**

Barnehagar	Samanliknings-				
	2014	2013	Stord 2012	kommunar 2014	Landet utan Oslo 2014
Netto driftsutgifter i barnehagesektoren i prosent av kommunen sine totale netto driftsutgifter	16,9	15,9	16,3	16,4	14,9
Netto driftsutgifter, barnehagar, per innbyggjar 1-5 år i kroner	117 240	105 799	112 584	123 058	128 570
Tal barn 1-5 år med barnehageplass, i prosent	91,4	89,7	90,6	90,0	90,9
Tal barn i kommunale barnehagar i forhold til alle barn i barnehage, i prosent	24,1	24,7	24,0	46,4	50,1

*Kommunen brukar mindre til kulturføremål enn gjennomsnittet av kommunane i samanlikningsgruppa.*

## SKULANE

Hausten 2014 gjekk 2 524 barn og unge ved ein av skulane i Stord kommune. 807 av desse på ungdomssteget og 1 717 på barnesteget. Elevane ved Huglo skule vart overført til Rommetveit skule hausten 2012 etter vedtak om innstilling av drifta ved skulen. I 2014 vart Huglo skule nedlagt etter vedtak i kommunestyret.

Nedanfor finn ein tal for skuleområdet i Stord kommune. Nasjonale kvalitetsundersøkingar som nasjonale prøvar og elevundersøkinga vert lagt til grunn for å måla læringsutbyttet og læringsmiljøet til elevane. Tala syner kommunen si måloppnåing på utvalde satsingsområde. Måla tek utgangspunkt i erfaringstal.

MÅLOPPNÅING	mål	resultat		
	2014	2014	2013	Fylket
Gjennomsnittlege grunnskulepoeng	>40,1	38,7	40,0	40,9
Snitt nasjonale prøvar lesing 5. trinn (I skala frå 1-3, er 3 best)	>2,0	1,9	1,8	1,9
Snitt nasjonale prøvar lesing 8. trinn (I skala frå 1-3, er 3 best)	>3,1	3,0	2,9	3,1
Snitt nasjonale prøvar lesing 9. trinn (I skala frå 1-3, er 3 best)	>3,5	3,2	3,3	3,4
Læringsmiljø: Meistring 7. trinn (I skala frå 1-5, er 5 best)	>3,9	4,0	3,9	4,0
Læringsmiljø: Meistring 10. trinn (I skala frå 1-5, er 5 best)	>3,8	3,8	3,8	3,9
Læringsmiljø: Fagleg rettleiing 7. trinn (I skala frå 1-5, er 5 best)	>3,4	3,8	3,3	3,7
Læringsmiljø: Fagleg rettleiing 10. trinn (I skala frå 1-5, er 5 best)	>3,1	3,1	2,8	3,2
Læringsmiljø: Mobbing 7. trinn (Her tyder låg verdi på lite mobbing.)	<1,4	1,4	1,4	1,3
Læringsmiljø: Mobbing 10. trinn (Her tyder låg verdi på lite mobbing.)	<1,4	1,3	1,4	1,3
Læringsmiljø: Sosial trivsel 7. trinn (I skala frå 1-5, er 5 best)	>4,4	4,1	4,3	4,3
Læringsmiljø: Sosial trivsel 10. trinn (I skala frå 1-5, er 5 best)	>4,3	4,3	4,2	4,2
Læringsmiljø: Fysisk læringsmiljø 7. trinn (I skala frå 1-5, er 5 best)	>3,2	-	2,9	-
Læringsmiljø: Fysisk læringsmiljø 10. trinn (I skala frå 1-5, er 5 best)	>2,7	-	2,4	-
Elevar som er registrert i vidaregåande opplæring same året som avslutta ungdomsskule %	>97,8	-	97,8	-

*Fysisk læringsmiljø er ikkje lenger del av obligatorisk spørsmål i elevundersøkinga. Resultat for elevar som er registrert i vidaregåande opplæring same året som avslutta ungdomsskule (i prosent) er teken ut frå skuleporten.no*

*Førsteklassingane Vilma, Emma og Sumaya i skulegarden for skuleklokka ringjer inn. Første skuledag på Leirvik skule hausten 2014.  
Foto: Emma Aadland*

Elevundersøkinga (Læringsmiljø) vart revidert før gjennomføringa hausten 2013. Resultata frå 2007-2012 kan difor ikkje samanliknast med resultata frå skuleåret 2013-2014 og seinare. Elevundersøkinga blir berre gjennomført annakvart år, difor har Stord kommune og fylket ikkje tal for 2014.

Kvalitetsutviklingsplanen skildrar skulen sine ulike utviklingsområde i perioden. Områda er i all hovudsak ei vidareføring av tidlegare utviklingsområde, der eitt døme er lesing. Stord kommune har over fleire år hatt lesing som utviklingsområde, og skulane har gjennom leseprosjektet utvikla ny kunnskap og fått til disposisjon nye verktøy som skal vera til støtte for leseopplæringa. Rekning, eller matematikk har ein derimot ikkje hatt som eige utviklingsområde dei siste åra. Rekning som grunnleggjande dugleik blir målt i nasjonale prøvar og er ein del av faget matematikk.

Dei tre ungdomsskulane i kommunen vore med i Utdanningsdirektoratet si satsing på ungdomstrinnet, og dermed fått litt drahjelp i arbeidet med utviklingsområda. Klasseleiing, rekning, lesing og skrivning inngår i utviklingsarbeidet, og målet er å auka motivasjon og meistring hjå elevane gjennom ei meir praktisk og variert opplæring. Satsinga går fram til 2017.

Deltakinga i ungdomstrinnsatsinga blir, av dei som er med, vurdert som svært positivt. Utviklingsarbeidet har vore praksisnært og nyttig. Arbeidet med grunnleggjande dugleikar og dei gjennomgåande tema som satsinga har, er omfattande, men den fasen som me nå har delteke i, gir eit viktig fundament for det vidare arbeidet.





## NØKKELTAL

Grunnskuleopplæring	Samanliknings-				
	2014	2013	Stord 2012	kommunar 2014	Landet utan Oslo 2014
Korrigerte brutto driftsutgifter til grunnskulesektor, per elev	101 797,0	96 555,0	91 803,0	108 024,0	111 681,0
Lønsutgifter til grunnskule, skulelokale og skuleskyss, per elev	82 108,0	78 252,0	75 190,0	84 278,0	84 457,0
Driftsutgifter til inventar og utstyr, per elev i grunnskulen	712,0	441,0	561,0	800,0	889,0
Driftsutgifter til undervisningsmateriell, per elev i grunnskulen	954,0	913,0	970,0	1 417,0	1 418,0
Tal elevar***	2 500,0	2 525,0	2 601,0	-	-
Årsverk for undervisningspersonale**	233,6	235,4	227,3	-	-
Gjennomsnittleg lærartettleik 1. – 7. trinn ***	13,1	13,6	14,1	13,4	13,4
Gjennomsnittleg lærartettleik 8. – 10. trinn ***	13,9	13,8	15,2	15,1	14,3
Del elevar i grunnskulen som får spesialundervisning	6,6	7,4	7,4	8,6	8,1
Timar spesialundervisning i prosent av totale lærartimar	25,4	23,3	22,1	17,6	17,4
Gjennomsnittlige grunnskulepoeng	38,7	40,0	39,6	-	40,3

\*\*SKULEDATA-tal 2014, \*\*\* GSI-data 2014

\*\*\*Årsverk for undervisningspersonale inkluderer berekna årsverk til undervisning og berekna årsverk til anna enn undervisning.

\*\*\*Gjennomsnittleg lærartettleik er rekna ut med utgangspunkt i forholdet mellom elevtimar og lærartimar, og gir informasjon om storleiken på undervisningsgruppa. Indikatoren inkluderer timar til spesialundervisning og andre lærartimar på grunnlag av individuelle elevrettar.

KOSTRA-tala 2014 syner at ressursbruk i skulane har auka sidan 2013 i Stord kommune, særleg driftsutgifter til inventar og utstyr. Samla sett er alle driftsutgiftene mindre enn samanliknbare kommunar og landssnittet, særleg driftsutgifter til undervisningsmateriell.

Gruppestorleiken er redusert på barnetrinnet, men auka litt på ungdomstrinnet i høve til 2013. Del elevar i grunnskulen som får spesialundervisning er redusert i Stord kommune, og ligg framleis godt under samanliknbare kommunar og landssnittet. Samstundes ligg Stord kommune over samanliknbare kommunar og landssnittet i timar spesialundervisning i prosent av totale lærartimar. Grunnskulepoeng viser nedgang frå 2013 og er langt under landet utan Oslo.

**NØKKELTAL**

Skulefritidsordninga (SFO)			Stord	Samanliknings-	Landet utan Oslo
	2014	2013	2012	kommunar	2014
Netto driftsutgifter SFO i prosent av samla netto dr.utg.	0,4	0,4	0,5	0,3	0,4
Netto driftsutgifter til SFO per innbyggjar 6-9 år	3 980,0	3 724,0	4 141,0	2 415,0	4 009,0
Del innbyggjarar 6-9 år i SFO, i prosent	40,4	41,6	42,6	55,7	60,9
Brutto driftsutgifter til SFO per brukar i kroner	29 215,0	27 612,0	27 283,0	24 038,0	26 675,0

Utgiftene til skulefritidsordninga ligg litt over gjennomsnittet av samanliknbare kommunar. Dekningsgraden er lågare enn for landsgjennomsnittet, og har gått ned frå 2013.

Vaksenopplæring			Stord	Samanliknings-	Landet utan Oslo
	2014	2013	2012	kommunar	2014
Netto driftsutgifter til vaksenopplæring, i prosent av samla netto driftsutgifter	0,6	0,5	0,5	0,4	0,4
Netto driftsutgifter til vaksenopplæring, per innbyggjar	268,0	217,0	209,0	195,0	207,0
Del innbyggjarar 6-9 år i SFO, i prosent	40,4	41,6	42,6	55,7	60,9
Brutto driftsutgifter til SFO per brukar i kroner	29 215,0	27 612,0	27 283,0	24 038,0	26 675,0

Vaksenopplæringa er organisert under Stord ungdomsskule. Kommunen nyttar litt meir av sine ressursar til dette enn samanliknbare kommunar.

### SOSIAL- OG FØREBYGGJANDE TENESTER, SOFT

Familien er ei viktig ramme for eit godt oppvekstmiljø for barn og unge. Det offentlege skal sørge for gode vilkår for familiens omsorgsoppgåver, gje råd, rettleiing, støtte og hjelp til familiar som slit med ulike vanskar og bidra til å sikre barn god omsorg, utvikling og læring. Barnehagar og skular skal vera best mogleg i stand til å møta mangfaldet av barn, unge og vaksne med behov for særleg hjelp og støtte i sin læring og utvikling. Stord kommune har fylgjande tenester knytt til barn, unge og deira familiar:

### SKULE- OG HELSESTASJONSTENESTA

Helsestasjons- og skulehelsetenesta skal ivareta det heilskaplege, førebyggjande og helsefremjande arbeidet retta mot gravide, barn og unge i alderen 0-20 år. Dette ved å førebyggje sjukdom og skade, samt fremja god fysisk og psykisk helse. Stord kommune har i dag ein helsestasjon i kvar bydel, skulehelseteneste knytt til alle dei ti grunnskulane, samt vidaregåande skule, helseteneste til flyktingar, helsestasjon for ungdom (HFU), smittevern (tuberkulosearbeid og vaksinasjon av risikogrupper) og reisevaksinasjon/reisemedisinsk rådgjeving.

Stord kommune og helsetenesta er med i prosjektet Sunn framtid. Prosjektet har som mål å førebyggja tilfelle av fedme gjennom å definera, forbetra og evaluera pasientforløp. Prosjektet skal kartleggja og definera behova for tiltak, kartleggja ressursar og barrierar i tenestene og utvikla ny modell for førebyggings- behandlings- og oppfølgingstiltak i kommunen, samt prøva ut desse, evaluera, og utvikla modell for samarbeid og arbeidsdeling mellom spesialisthelseteneste (barneavdeling og BUP) og kommunen.

### NØKKELTAL

Kommnehelse	Samanliknings-				
	2014	2013	Stord 2012	kommunar 2014	Landet utan Oslo 2014
Netto driftsutgifter til førebygging, skule og helsestasjonstenester per innb 0-20 år	2 280	1 868	1 964	2 066	2 053
Åpningstid ved helsestasjon for ungdom. Sum timar pr. veke.	2	2	2	-	-
Tal fødte i løpet av året	252	202	235	-	-
Del 6-15 år i prosent av folkemengda	13,5	13,7	14,1	13,2	12,4

*Kommunen nyttar litt meir enn gjennomsnittet til denne tenesta.*

## PEDAGOGISK PSYKOLOGISK TENESTE (PPT)

PPT i Stord er eit tilbod til barn, unge og vaksne i Stord og Fitjar kommune.

PPT skal arbeida førebyggjande slik at barnehagen og skulen i størst mulig grad kjem i forkant av problemet og lærevanskane. PPT skal ha kompetanse til å hjelpe barnehagar og skular der det oppstår særskilte problemet knytt til barn og elevs utvikling og læring. Tenesta skal etter lova hjelpe skulane i arbeidet med kompetanse- og organisasjonsutvikling for å leggje opplæringa betre til rette for elevar med særlege behov og sørge for at det blir utarbeidd sakkunnig vurdering. Frå nasjonalt nivå er det utarbeidd ein Strategi for etter- og vidareutdanning for tilsette i PPT 2013-2018. Formålet med Strategien er å styrke tilsette sin kompetanse, og bidra til at fokus på systemretta arbeid i PPT aukar.

PPT har 7,6 rådgjevarstillingar og 0,5 stilling til merkantil. Samanlikna med andre kommunar har ein i Stord låg bemanning i PPT. PPT har eit særleg fokus på dei yngste i barna mellom anna gjennom tverrfaglege møter og rettleiingsprogram.

## NØKKELTAL

Pedagogisk- psykologisk teneste	Samanliknings-				
	2014	2013	Stord 2012	kommunar 2014	Landet utan Oslo 2014
Sum årsverk PPT	8,8	8,1	8,0	-	-

Tala henta frå GSI

Saksmengd 2013: 435 enkeltsaker i arbeid (Fitjar 61 og Stord 374). Tok i mot 59 nye tilvisingar (Fitjar 6 og Stord 53). Nedgang, særleg i Stord, i høve tidlegare år.

Det er eit sentralt mål at psykologkompetansen skal styrkast i dei kommunale helse- og omsorgstenestene. Psykologane skal bidra til å styrke det samla kommunale arbeidet på psykisk helse- og rusfeltet, medrekna førebygging og tidlig intervensjon, samt behandling av psykiske problem og/eller rusmiddelproblem. Psykologane skal samarbeide med relevante aktørar i kommunen som til dømes fastlegar, PPT, barnevernstenesta, skulehelsetenesta, samt spesialisthelsetenesta. Det har vore ei utfordring å rekruttera og halda på psykolog-kompetanse i Stord kommune. Ein må vurderer kva ein kan gjera for å sikra tverrfagleg kompetanse og psykologkompetanse i tilbodet til barn og unge generelt i Stord kommune.

*Bjarte Epland er SLT koordinatør i Stord kommune.*

*Foto: Emma Aadland*

## SLT

SLT-modellen (samordningsmodell for lokale, førebyggjande tiltak mot rus og kriminalitet) skal sikra at dei ressursane ein har i kommunen og hos politiet, blir meir samkjørt og målretta. Målet er at barn og unge skal få rett hjelp til rett tid, av eit hjelpeapparat som samarbeider godt på tvers av etatar og faggrupper. SLT-koordinatøren i Stord kommune har også ansvar for å koordinera arbeidet kring programma «MOT» og «Av og Til».


SLT-koordinatøren har leia ei tverrfagleg gruppe med å kartleggja bruk, omfang og tilgjenge av anabole androgene stereoider. Det har òg vore fokus på Unge og Rus, eit tiltak for sjuande steget i skulen som inneheld lærarkurs, gruppeleiarkurs, tre foreldremøte i kvar klasse, samt nettverk og bruk av digitale media-opplæring for born, ungdom og foreldre, og konkret arbeid med alvorlege mobbesaker i skulen. Bekymringssamtalar er eit verktøy for å prate med unge og føresette om risikoåtfærd, og er eit samarbeid med mellom anna politiet, Utekontakten, barnevern, barne- og spesialisthelsetenesta (BUP) og PPT.

Ungdomskontrakt er eit tiltak for ungdom som har byrja å eksperimentere med rusmiddel. Dei kan få vedteke påtaleunntaling ved å inngå ein avtale om å halde seg rusfri i to år. Dette er eit samarbeid med MARIS og Tillitsperson. Prosjekt «trygg der barn og unge ferdast» er eit samarbeid med Ungdomsrådet.



## UTEKONTAKTEN

Utekontakten er eit lågterskeltilbod til barn og unge med fokus på støttesamtalar, praktisk hjelp, nettverksarbeid, formidling til andre tenester, og tverrfagleg samarbeid. Hovudproblemstillingar er psykisk helse, rus, aktivitet/fritid og konflikttarbeid.



*Prosjektet Vind i segla – ungdom med kurs for vaksenlivet.*

*Foto Utekontakten*

*Målet med prosjektet Mitt Liv er å verta betre i å ivareta barn, ungdommar og familiar i alle ledd av barnevernstenesta sitt arbeid.*

*Foto: Emma Aadland*



## BARNEVERN

Stord er vertskommune for Sunnhordland interkommunale barnevernsteneste for Bømlo, Fitjar og Stord (SIB). Nedanfor finn ein KOSTRA-tal for barnevernet i Stord kommune. Tala syner kommunen si måloppnåing på utvalde satsingsområde. Måltala tek utgangspunkt i erfaringstal.

MÅLOPPNÅING:	mål	resultat	resultat	resultat
	2014	2014	2013	2012
Undersøkingar med handsamingstid over 3 mnd i prosent	> 95,0	68,0	78,0	66,0
Born med utarbeida plan i prosent	> 30,0	75,0	69,0	77,0
Stillingar med fagutdanning, per barn 0–17 år	< 3,8	4,7	4,7	3,1

## NØKKELTALL

STATISTIKK STORD 2009 – 2014	2009	2010	2011	2012	2013	2014
Meldingar	128	126	153	213	170	185
Undersøkingar i alt	122	106	94	143	120	141
Barn med hjelpetiltak totalt	165	150	127	149	156	146
Hjelpetiltak i heimen	146	131	83	114	125	105
Hjelpetiltak utanfor heimen	19	19	44	35	31	41
Barn plassert siste år	9	12	12	3	2	14
Barn over 18 år		9	11	12	15	9

Barneverntenesta ser ei utvikling der vanskaner hjå barn, unge og deira familiar er meir alvorlege og omfattande, noko som gjer det naudsynt å nytte fleire ressursar, metodar og tilnærmingar i arbeidet. Tilsette i tenesta opplev arbeidspress grunna alvorlege og komplekse saker. Tilsyn frå Fylkesmannen i mai 2014, synte at SIB ikkje har klart å innfri lovkrav når det gjeld

oppfølgingsbesøk og tilsynsførarbesøk i fosterheimar. Samt at tenesta hadde manglar ved internkontroll og rapporteringsstruktur på dette området. Tenesta har etter dette hatt ei omfattande internrevisjon hausten 2014, og har arbeidd med ny internkontroll og rutinar. Kvalitetssikringsarbeidet held fram i 2015.

## NØKKELTAL

Barnevern	Samanliknings-				
	2014	2013	Stord 2012	kommunar 2014	Landet utan Oslo 2014
Netto driftsutgifter per innbyggjar 0-17 år, barneverntenesta	6 398,0	5 436,0	5 004,0	7 774,0	7 979,0
Netto driftsutgifter per barn i barnevernet i kroner	118 253,0	103 376,0	91 222,0	-	109 744,0
Netto driftsutgifter per barn med tiltak i kroner	192 451,0	164 586,0	153 253,0	-	169 128,0
Barn med undersøking ift. tal innb. 0-17 år, prosent	3,4	2,6	3,6	-	4,2
Del barn med barneverntiltak ift. innb. 0-17 år prosent	3,3	3,3	3,3	-	4,7
Brutto driftsutgifter per barn f. 244, barneverntenesta	39 635,0	34 893,0	45 016,0	-	44 740,0
Barn med undersøking eller tiltak per årsverk	17,7	16,4,0	18,8	-	16,4
Del undersøkingar m. behandlingstid over tre månadar, prosent	32,0	22,0	34,0	21,0	22,0

*I høve til talet på innbyggjarar i målgruppa for barneverntenesta nyttar kommunen mindre i netto driftsutgifter enn gjennomsnittet av kommunar i vår samanlikningsgruppe. Netto driftsutgifter pr barn har auka frå 2012 og er høgare enn gjennomsnittet for landet. Talet på barn under barneverntiltak er stabilt på 3,3 prosent. Del undersøkingar med behandlingstid over 3 mnd. har gått opp i høve tal frå 2013. Tala frå samanliknande kommunar ligg ikkje føre.*

Kompetanseoppbygginga i 2014 har i hovudsak vore vår deltaking i prosjektet «Mitt Liv» i regi av Forandringsfabrikken. Målet med prosjektet er å verta betre i å ivareta barn, ungdommar og familiar i alle ledd av barneverntenesta sitt arbeid. Prosjektet starta i oktober 2013 og varar ut 2015. Tilsette i tenesta har gjennom prosjektet vore med på lokale, regionale og nasjonale samlingar saman med born og ungdom som har, eller har fått tenester frå barneverntenesta i ulike

deler av landet. Dette har vore med å endra SIB sine rutinar ikring samtalar med barn og unge og rutinar ikring samarbeid med barn og unge med deira familiar.

Barneverntenesta har fokus på tidleg innsats til spe- og småbarn. Dette er ressurskrevjande å arbeida med, samt at det krev høg grad av tverrfagleg samarbeid.

Barneverntenesta har hatt store utfordringar knytt til økonomi i 2014. Årsaka til dette er 14 nye omsorgsovertakingar, auka utgifter til juridisk bistand og lønsutgifter. Tenesta har hausten 2014 hatt behov for å leiga inn konsulenttenester for å gjennomføra auke i talet på undersøkingar, noko som førte til ytterlegare auka i kostnader på drift.



Hausten 2014 hadde kulturskolen 810 elevplassar.

Foto: Stord kulturskule

Stord sjukeheim, Heimesjukepleia, Falturiltu, Høgskulen Stord/Haugesund, Sunnhordland museum, barne- og ungdomsteaterfestivalen på Stord, Kyrkja i Stord, Fitjar kulturskule, Bømlo kulturskule, Kvinnherad kulturskule, Heiane mottakssenter og UDI.

Kulturskulen fekk i 2014 stetta søknad om midlar til aktivitetar for barn i mottak frå UDI med kr 153.000.

#### Kulturskulen arrangerte i 2014:

- 13 egne offentlege konsertar/framsyningar og nokre interne konsertar for elevar og føresette
- Sju arrangement for eldre i institusjonar/ heimesjukepleie, gjennomført med midlar frå Den kulturelle spaserstokken, i samarbeid med institusjonar og kulturtenester i kommunen.
- Danseseksjonen i kulturskulen hadde ansvaret for regional samling for Dansens dag, ein dag som vert markert over heile verda. Ca. 20 av danseelevane våre var også representert under Dansens dag-markeringa i Bergen.
- Strykeseksjonen gjennomførte hausten 2014 eit kjempeseminar for strykelevar frå heile regionen, om lag 200 elevar deltok.
- Trio Vest/distriktsmusikargruppa har hatt fleire samarbeidskonsertar i lag med lokale kor. I tillegg har trioen hatt ulike innslag på ei rekkje private og offentlege arrangement, samt samarbeid med lag og organisasjonar.
- Trio Vest hadde ein 17 dagars turne i Sunnhordland i regi av Rikskonsertane/Hordaland fylkeskommune.
- Samarbeid med Falturiltu, nynorsk barnebokfestival, om fleire arrangement i festivalveka.

#### KULTURSKULEN

Hausten 2014 hadde kulturskolen 810 elevplassar, dette er ein nedgang frå same periode i 2013 då hadde ein om lag 900 elevplasser. Nedgangen skuldast i hovudsak redusert danseundervisning. Kulturskulen hadde 15,6 årsverk fordelt på 26 tilsette, 12 kvinner og 14 menn. I tillegg hadde kulturskolen haustsemesteret 2013 om lag 0,4 årsverk som gjekk til prosjekt/aktivitetar for barn i mottak, finansiert gjennom midlar frå UDI. I Stord kommune har om lag 20 prosent av grunnskulelevane elevplass i kulturskulen. Gjennomsnittet for landet er ca. 17 prosent. På ventelista står 373 elevar, til saman søker desse om 557 elevplassar.

Kulturskulen har tilbod om undervisning i strykeinstrumenter (fiolin, bratsj, cello og kontrabass), gitar/elgitar/ukulele, blåseinstrument (tverrfløyte, trompet, kornett, trombone, baryton), song, el-bass,

piano, slagverk, kor (Stord kulturskulekor og Stord ungdomskor), musikkleik 0-1, musikkterapi, band, dans (klassisk ballett, jazz, hip-hop, street, moderne) drama/teater, animasjon og parkour. Drifta av Stord ungdomskor er eit fast samarbeid med kyrkja i Stord. Kulturskulen har også to orkester, inndelt etter alder og nivå, samt eit danseensemble for dei eldre elevane.

Kulturskulen selde i 2014 ulike tenester til Langeland skulekorps, Rommetveit skulekorps, Sagvåg skulekorps, Stord skulekorps, Sunnhordland kammerorkester, fleire av grunnskulane i kommunen, Vidsteentunet, Stord vidaregåande skule (musikklinja), Hordaland fylkeskommune/ Rikskonsertane, Jentespranget og Fitjar kommune.

Det har elles vore samarbeid med Kulturtenester i Stord kommune, Stord folkebibliotek, Knutsaåsen sjukeheim,



## NØKKELTAL

Kulturskule	Samanliknings-				
	2014	2013	Stord 2012	kommunar 2014	Landet utan Oslo 2014
Netto driftsutgifter til kommunal musikk- og kulturskule, i prosent av samla netto driftsutgifter	0,8	0,7	0,7	0,6	0,6
Netto driftsutgifter til kommunal musikk- og kulturskule, per innbyggjar 6-15 år, i kroner	2 693,0	2 277,0	2 274,0	2 125,0	2 437,0
Korrigerte brutto driftsutgifter til kommunal musikk- og kulturskule, per brukar, i kroner	16 400,0	13 988,0	15 427,0	15 289,0	17 489,0
Del brukarar i grunnskulealder i kulturskulen av tal barn i alderen 6 - 15 år i prosent	19,7	22,4	21,0	15,6	14,5

*Kommunen nyttar noko meir til kulturskulen enn gjennomsnittet av kommunar i vår gruppe. Kommunen har ein større del av barn i alderen 6-15 år i kulturskuleaktivitet enn gjennomsnittet.*

## MOT 2014

Stord kommune er eit lokalsamfunn med MOT. Målet med MOT-arbeidet til kommunen er å skape eit varmare og tryggare samfunn gjennom å arbeide med verdiane MOT til å leve, MOT til å bry seg og MOT til å seie nei.

Kommunen sine tre ungdomsskular gjennomfører MOT i ungdomsskulen. Dette er eit heilskapleg pedagogisk program med i alt 14 besøk per klasse, fordelt på tre år. MOT-øktene vert leia av eigne MOT-informatørar. Ein viktig del av MOT i ungdomsskulen er Ungdom med MOT. Hausten 2014 skulerte MOT-informatørane 12 nye Ungdommar med MOT. Desse ungdommane er kulturbyggjarar og er med på å styrkje oppvekstmiljøet på sin skule. Ei anna viktig oppgåve er at dei gjennomfører tre skulebesøk til 7.-klassane for å gjere overgangen frå barne- til ungdomsskulen lettare.

19. november vart det arrangert fakkeltog mot mobbing på Stord. Ein av kommunen sine Ungdommar med MOT, var ein av to som heldt ein flott appell. 21. november var årets MOT til å glede-dag. Dagen handlar om å spreie glede med enkle midlar. Den vart markert på ulikt vis på dei tre ungdomsskulane, men også elles i kommunen. Mestringsreisa er eit MOT-tiltak for å styrkje ungdom si sjølvkjensle og sjølvtilit gjennom meistringsopplevingar. Ein elev ved Stord ungdomsskule vart plukka ut til å reise på meistringssamling på MOT-camp i Trondheim. Ungdommen likar å synge, vaks i rolla og fekk opptre for over 600 personar på MOT si eldsjelsamling i september.

Som eit teikn på godt MOT-arbeid over tid, vann Stord pris for årets lokalsamfunn med MOT i region sør-vest. Prisen vart teken i mot av blant anna ordførar Liv Kari Eskeland på eldsjelsamlinga til MOT.

*Hausten 2014 skulerte MOT-informatørane  
12 nye Ungdommar med MOT.  
Foto: Emma Aadland*



# Rehabilitering, helse og omsorg

Omsorgstenester, måloppnåing.....	52	Rehabilitering, helse, omsorg.....	54
Helse, måloppnåing.....	53	Kvalitetsutviklingsprosjekt.....	56
NAV kommune, måloppnåing.....	53	Nøkkeltal.....	58

Nedanfor finn ein Kostra-tal, samt tal frå Folkehelseinstituttet, for området helse- og omsorg i Stord kommune. Tala syner kommunen si måloppnåing på utvalde satsingsområde. Måltala tek utgangspunkt i erfaringstal.

OMSORGSTENESTER	mål	resultat	resultat
	2014	2014	2013
Del årsverk m fagutdanning	> 75,00	81,00	81,00
Del årsverk m fagutdanning frå høgskule/ universitet	> 41,00	-	44,00
Snitt tildelte timar i heimen, heimesjukepleie	> 7,00	9,30	7,70
Snitt tildelte timar i heimen, praktisk bistand	< 6,50	7,70	7,00
Del heimeten.mottakarar med omfattande bistanndsbehov 67-79 år i prosent	13,30	12,40	15,90
Del heimeten.mottakarar med omfattande bistanndsbehov over 80 år i prosent	27,30	29,30	21,00
Tid med lege per veke per bebuar i sjukeheim (timar)	0,48	0,41	0,41
Tid med fysioterapi per veke per bebuar i sjukeheim (timar)	0,19	0,17	0,17

HELSE	mål	resultat	resultat
	2014	2014	2013
Legeårsverk pr 10000 innb	11,0	11,7	11,3
Snitt listelengde fastlegar	1000,0	974,0	1008,0
Del fysioterapi årsverk pr 10000 innb	6,3	5,6	65,5
Reservekapasitet fastlege	300,0	104,0	100,0
Røyking gravide kvinner prosent	15,0	12,0	16,0
Tal hoftebrot pr 1000 innbyggjarar. Gjennomsnitt siste 3 år	1,8	2,3	2,2
Tal brukarar av frisklivsentral	120,0	124,0	-
prosentdel uføretrygda 18 - 44 år	< 2,4	2,8	2,4
Personskadar, beh. i sjukehus pr 1000 innb	12,0	14,0	14,0
Trivst på skulen, 120.klasse, prosent	85,0	76,0	77,0
Psykiske symptom og lidingar frå fastlege og legevakt, pr 1000 innb	130,0	141,0	144,0
Hjarte- og karsjukd. behandla i sjukehus, pr 1000 innb	20,0	24,0	24,0

NAV KOMMUNE	mål	resultat	resultat
	2014	2014	2013
Snitt stønadslengde 18-24 år , mnd.	3,0	3,9	3,7
Snitt stønadslengde 25-66 år, mnd.	3,0	3,6	3,4
Del som går over 6 månader på stønad pers.	-	92,0	85,0
Del mottakarar med individuell plan i prosent	6,0	15,0	8,0
Tal sos.hjelpmottakarar som får gjeldsrådgj. ved utbet.	25,0	-	4,0
Telefontid for brukarar, timar per veke	37,5	37,5	37,5
Deltakarar i Kvalifiseringsprogrammet 18-66 år	25,0	13,0	19,0



Bebuar på Stord kommunale rehabiliteringssenteret.

Foto: Astrid Larsen

## REHABILITERING, HELSE, OMSORG

I 2014 har ein satsa på opplæring og utvikling av leiarar. Desse er sentrale for å få til effektive tenester innan avgrensa ressursar.

Det er ikkje gjennomført brukarundersøkingar innan rehabilitering, helse og omsorg i 2014, sidan desse vert gjennomført annakvart år. Unnatak er NAV Kommune som har årlege brukarundersøkingar. Dei får gode tilbakemeldingar på informasjon, service, respekt og kunnskap hos sakshandsamar.

Ved Stord sjukeheim og Stord kommunale rehabiliteringssenter er det 79 sjukeheimplassar, etter at tre nye plassar er teke i bruk ved sjukeheimen. I tillegg er det 46 heildøgns omsorgsplassar ved Knutsåsen omsorgssenter. Desse 125 plassane er i underkant av behovet kommunen har. Dersom ein følgjer statleg mal burde kommunen i dag hatt 165 plassar, aukande behov til 305 plassar i 2030.

Underkapasitet av sjukeheimplassar har mellom anna medført:

- At kommunen har vanskar med å ta i mot ferdigbehandla pasientar frå spesialisthelsetenesta. I periodar har over 50 prosent av liggedøgna til utskrivingsklare pasientar i heile Helse Fonna-området vore frå Stord. I desember 2014 medførte dette ei ekstrarekning til Stord kommune på om lag kr. 0,5 mill. Dette fører sjølvst og til problem for sjukehuset som får overbelegg og korridorpatientar.
- Stort press på heimebaserte tenester og for lågt budsjett knytt til betaling for ferdigbehandla pasientar.
- At mest alle korttidsplassar i kommunen vert blokkert av pasientar som ikkje kan skrivast ut og at sengeavdelinga på rehabiliteringssenteret i liten grad vert nytta til rehabiliteringspasientar.

I samband med denne situasjonen vurderer tenestene alternative straks-løysingar i tillegg til å starta planlegging med bygging av nye sjukeheimplassar, som etter planen skal vera driftsklare i 2017.

Det er etablert to nye dagsenterplassar for personar med utviklingshemming i 2014. Dei neste fire åra er det behov for ytterlegare 12 plassar. Det vert arbeida med utviding av tilbodet ved Sæbø gard.

Prosjekt med kreftkoordinator i 50 prosent stilling er inne i sitt tredje år. Stillinga er finansiert med tilskot frå «Kreftforeninga». Satsinga er eit lågterskeltilbod for pasientar med kreftsjukdom og deira pårørande. Målet er å bidra til at kreftpasientane opplever koordinerte og saumlause tenester. I tillegg til lågterskeltilbodet er kreftkoordinator ein ressurs i samarbeidet mellom sjukehus og kommunale tenester. Koordinator har hatt kontakt med og oppfølging av ca. 70 pasientar og 100 pårørande sidan oppstart. Omtrent halvparten av pasientane har ingen andre kommunale tenester.

Demenssteamet har i 2014 gjennomført 35 kartleggingar for å klarleggje om dei aktuelle har ein demenssjukdom. Det er venteliste ved årsskiftet på 14 personar. Ergoterapeut og sjukepleiar som er med i teamet har delteke aktivt på pårørandeskule som den lokale demensforeninga har arrangert i samarbeid med Fitjar og Stord kommune. 26 pårørande deltok på pårørandeskulen i 2014.



Frisklivssentralen er eit forebyggjande helsetilbod med blant anna Bra Mat-kurs.  
Foto: Emma Aadland

Frisklivssentralen er eit førebyggjande helsetilbod og gir tilbod til personar som ønskjer rettleiing og oppfølging for å få meir helsefremjande levevanar. Satsing på førebyggjande folkehelsearbeid er noko av bakgrunnen for Samhandlingsreforma. Fastlegar og andre helse-/sosialfaglege tenester kan tilvise til Frisklivssentralen sine tilbod (frisklivsresept). Resepten gir rett til individuelle og gruppebaserte tilbod: frisklivssamtale, individuell rettleiing i høve røyking, kosthald og fysisk aktivitet og forskjellige treningsgrupper.

Sentralen har og hatt tilbod om ulike kurs som er opne for alle:

- Røykeslutt (samarbeid med LHL)
- Bra Mat-kurs
- KID-kurs (kurs i depresjonsmeistring)
- Å leve eit friskare liv – meistringskurs for kronikarar (Samarbeid med Astma- og allergiforeininga og Mental helse)
- Fallførebyggjande kurs

I 2014 har Frisklivssentralen til saman hatt 124 deltakarar.

Stord kommune er ein pilotkommune i høve Housing first-metodikk (Stordmodellen). Dette er eit bustadsosialt oppfølgingsprogram der det å ha bustad og kunne klara å bu her er grunnleggjande for vidare bustadsosial oppfølging. Målgruppa er særleg dei med rusproblem eventuelt kombinert med psykisk lidning. I tillegg har kommunen blitt teken opp i Bustadsosialt velferdsprogram, som har som hovudmål at fleire vanskelegstilte skal bu i stabile og varige buforhold. Desse to prosjekta vert sett i samanheng.

Om lag 40 personar nyttar seg av lågterskel helsestasjon. Det har vore ein auke i høve personar som har fått innvilga legemiddelassistert rehabilitering (Subutex, Metadon), og talet er ved årsskiftet oppe i 45 personar.

Ungdomskontraktar heldt fram som eit prosjekt for ungdom som har byrja å eksperimentera med rusmiddel. Dei kan få påtaleunntilting dersom dei er med på ein avtale om å halda seg rusfri i to år. 16 ungdommar nyttar seg av denne avtalen, der regelmessig urinkontroll er ein del av den. Desse kontraktane er ein suksess.

Ved NAV Stord er eit nytt tilbod, «Springbrettet» oppretta. Her stiller ein vilkår for ordinære arbeidssøkjjarar som oppsøker NAV for å få stønad. Ein driv mellom anna med CV-skriving, jobbsøking/-trening osv. Det er strenge reglar for frammøte,- mellom anna stønads-trekk ved seint/ikkje oppmøte. Hovudmålet er at vedkomande skal få seg utdanning eller jobb.

Kommunane har krav på seg til å opprette akutt plassar (KAD) innan 1.1.2016. Ein arbeider no saman med Bømlo og Fitjar for å få til eit interkommunalt samarbeid om slike plassar. Eit forprosjekt konkluderer med at akutt plassar bør knytast opp mot legevakta i eit nybygg nærast mogeleg Stord sjukehus.

*Ved utgangen av 2014 var det om lag 15 brukarar som prøvde ut ulike teknologiar som fallalarm, dørsensor, tryggleiksklokke og GPS.*

Det har lenge vore vanskar med å få eller byta fastlege på Stord. Stord legesenter vart redusert til eit 3-legesenter og flytta til Heiane i desember. I samband med planlegginga av dette vart den attverande legen ved Myro legekontor supplert med ein ny fastlegeavtale. Dette tiltaket har ført til at mange legar i Stord no har opne lister. Folk sin rett til fastlege og til å kunna byta lege er no stetta på ein god måte.

### **KVALITETSUTVIKLINGSPROSJEKT**

I investeringsbudsjettet for 2014 var det sett av 1 mill. kr som skal vidareføra arbeidet med velferdsteknologi, heimerehabilitering og utvikling av demensomsorga.

### **Velferdsteknologi (omsorgsteknologi)**

Stord kommune deltek i Nasjonalt velferdsteknologi-program i regi av Helsedirektoratet som ein av totalt 34 norske kommunar. Hovudmålet med prosjektet er å prøve ut ny teknologi som kan bidra til auka tryggleik, sjølvstende og eigenaktivitet hos heimebuande med ulik grad av funksjonsnedsetjing. Stord kommune har valt å knyte prosjektet opp til utvida bruk av allereie eksisterande tryggleiksalarm hjå brukarane. Ved utgangen av 2014 var det om lag 15 brukarar som prøvde ut ulike teknologiar som fallalarm, dørsensor, tryggleiksklokke og GPS. Mål for 2015 er at 50 nye brukarar skal få prøve ut ny teknologi. Blant teknologien som kan nyttast er røykvarslar. Brannvesenet deltek difor i kartleggingsbesøk saman med sjukepleiar og ergoterapeut. Dette samarbeidet er og med på å auke tryggleiken til heimebuande.



### **Heimerehabilitering**

Kommunen satsar på heimerehabilitering og prosjektet er no gått over til å verta ein del av ordinær drift. Målsetjinga er at brukarane ved intensiv rehabilitering skal trenast seg opp slik at heimetenestene kan trappast ned eller avsluttast når vedtaksperioden er over. Heimerehabiliteringsteam omfattar fysioterapeut, sjukepleiar og ergoterapeut. Teamet samarbeider med heimebaserte tenester og andre, der det er naturleg. 24 personar mellom 68 og 91 år er følgt opp i 2014.

Eit døme:

*Eldre dame med lårhalsbrot kom rett heim etter sjukehusopphald. Ho hadde i starten behov for følgje i all forflytning, var svært engstelig og fekk mykje hjelp av heimesjukepleie. Heimesjukepleie og heimerehabiliteringsteam hadde fokus på trening på kvardagsaktivitetar og hjelp til sjølvhjelp. Gradvis*

*meistra den eldre dama å forflytta seg sjølvstendig, og meistra fleire og fleire daglige aktivitetar. Ved avslutta heimerehabilitering hadde brukar berre tilsyn ved dusj og noko praktisk bistand. Ho opplevde sjølv ei stor betring i alle måla ho hadde sett seg for perioden. Brukar har ved årsskiftet inga personleg retta hjelp.*

### **Demensprosjekt**

Målet for prosjektet er å setja institusjonane betre i stand til å takla nye, utfordrande bebruarar. Det har, i samarbeid med Helse Fonna blitt utarbeida gode rutinar for å ta vare på utagerande demente og tilsette. Rutinane skal sikra rask innhenting av opplysningar, utføre undersøkingar og få på plass naudsynt dokumentasjon i arbeidet med oppfølging av desse bebruarane. I oppfølginga av prosjektet vil institusjonane ha fokus på kompetanseheving. Dette er planlagt som eit samarbeid med spesialisthelsetenesta.



I 2014 var det 41 brukarar som har såpass oppfølging at dei kjem inn under ordninga Ressurskrevjande tenester. I høve desse brukarane har kommunen i fjor ei lønsutgift på 93 millionar kroner og får refundert 40 mill. av desse frå staten.

Det har vore ni klager på helse og omsorgstenester i 2014. Tre fekk medhald i klage etter ny handsaming av Kundetorget. Seks klager vart sendt vidare til Fylkesmannen. Av desse seks stadfesta fylkesmannen to av vedtaka, to saker vart oppheva og sendt tilbake til ny handsaming, Ei sak vart omgjort og ei sak vart avslutta utan handsaming då det i mellomtida vart fatta nytt vedtak i Kundetorget.

Einingane innan RHO arbeider med førebygging av sjukefråvær og tilrettelegging. Likevel ser ein at fråværet innanfor tenesteområdet, RHO auka frå 11,00 prosent i 2013 til 11,46 prosent i 2014. Stord kommune har vore IA-verksemd (IA= Inkluderande arbeidsliv) sidan 2002. I samsvar med dette er det utarbeidd egne

rutinar for oppfølging av sjukefråvære. Mellom anna har leiar samtalar med den sjukemeldte for å klarleggja om noko kan endrast eller leggjast til rette for å betra arbeidstilhøva. Det er innvilga fleire søknader om tilretteleggingstilskot frå NAV.

Hausten 2012 starta kommunen ei leiarutdanning innanfor helse og omsorg. Utdanninga var initiert av Helsedirektoratet som samarbeider med Høgskolen i Hedmark, Fagakademiet og Ressurssenter for omstilling i kommunane (RO). Opplæringa gjekk føre seg på Stord, der 31 mellomleiarar, potensielle leiarar og einingsleiarar deltok. Utdanninga omfatta mellom anna kompetanseplanlegging, økonomistyring, samhandling og kommunikasjon. Den gjekk over fire semester og var ferdig våren 2014. Deltakarane var svært nøgd med opplæringa som vil gjera dei betre førebudd til å møte framtidige utfordringar. Opplæringa gjev 30 studiepoeng og var finansiert med tilskot frå fylkesmannen og KS.

Tre fagarbeidarar har teke vidareutdanning i psykisk helsearbeid og tre i eldreomsorg. Sju høgskuleutdanna tilsette har teke forskjellige vidareutdanningar på deltid og 26 tilsette har fullført Demensomsorgens- og Eldreomsorgens ABC.

Det vart i fjor rekruttert inn åtte lærlingar til helsearbeidarfaget. Dette var seks fleire enn året før, og det var 21 søknader som kom inn. Dette er ei positiv utvikling då alt tyder på at det vert auka behov for fagarbeidarar framover

Det er gjennomført systematisk kurs i førstehjelp og forflytting ved fleire av einingane innan området. I tillegg har 22 tilsette frå ulike einingar vore på kurs der dei vart lært opp til å leia refleksjonsgrupper. Etisk refleksjon kan vera med å styrkja den einskilde og arbeidsmiljøet.

**NØKKELTAL**

Pleie og omsorg			Stord	Samanliknings-	Landet
	2014	2013	2012	kommunar	utan Oslo
				2014	2014
<b>Heimetenesta</b>					
Korrigerte brutto driftsutg. pr mottakar av heimetenester i kroner	335 076,0	304 705,0	293 443,0	244 826,0	243399
Mottakarar av heimetenester pr 1000 innb. 0–66 år	19,0	19,0	18,0	21,0	20,0
Mottakarar av heimetenester pr 1000 innb. 80 år og over	305,0	325,0	320,0	333,0	328,0
Andel heimebuande brukarar med omfattande bistandstrong, 80 år + i prosent	29,3	21,0	27,3	16,1	12,6
<b>Institusjonar</b>					
Plassar i institusjon i prosent av innbyggjarar over 80 år	11,6	11,5	11,6	15,2	18,4
Andel plassar i skjerma eining for personar med demens	34,2	35,5	35,5	24,4	24,5
Korrigerte brutto driftsutgifter i institusjon per plass i kroner	1 049 274,0	1 016 272,0	988 198,0	1 014 689,0	1 025 858,0
Andel brukarar i institusjon med omfattande bistandstrong, langtidsplassar	-	-	91,7	82,8	82,5

Kostnader for mottakarar av heimebaserte tenester ligg over gjennomsnittet for samanlikningskommunar og for landet elles. Dette har m a sin bakgrunn i mangel på institusjonsplassar som gjer at til dels sterkt hjelpetrengande, som burde hatt ein institusjonsplass, må få tenester i heimen. Andel heimebuande over 80 år med omfattande bistandstrong ligg nesten 135prosent høgare enn landet elles. Statistikken tyder på at Stord har høg terskel for å gi hjelp, jfr. andel mottakarar over 80 år som får hjelp.

Dei som får plass på institusjon er svært hjelpetrengande og kommunen har fleire plassar for demente enn samanlikningskommunar, noko som fører til auka utgifter pr plass. Likevel er korrigerede brutto driftsutgifter pr plass berre litt over landssnittet. Dette tyder på ei effektiv drift ved institusjonane.

Sosialtenesta	Samanliknings-				
	2014	2013	Stord 2012	kommunar 2014	Landet utan Oslo 2014
Netto driftsutgifter til sosialtenesta per innbyggjar, i kroner	1 711,0	1 540,0	1 487,0	1 691,0	1 895,0
Netto driftsutg. til sosialtenesta i prosent av samla netto driftsutgifter	3,6	3,3	3,2	3,4	3,6
Netto driftsutg. til tilbod personar med rusproblem pr innbyggjar 20-66 år	768,0	547,0	277,0	304	392,0
Andelen sosialhjelpsmottakarar i forhold til innbyggjarar i alderen 20-66 år	3,6	4,1	4,5	-	4,2
Sosialhjelpsmottakarar	399,0	451,0	490,0	-	269,0
Brutto driftsutgifter til økonomisk sosialhjelp per mottakar	25 880,0	24 703,0	2 6500,0	-	39 531,0
Gjennomsnittleg utbetaling per stønadsmånad	7 046,0	7 013,0	6 442,0	-	-
Sosialhjelpsmottakarar med sosialhjelp/introduksjonsstønad som hovudinntektskjelde, andel	33,1	47,7	42,7	-	45,6

Ein god arbeidsmarknad gjennom 2014 fører til at færre har behov for økonomisk sosialhjelp (nedgong frå 451 til 399). Ein god arbeidsmarknad fører og til press på kostnader, særleg på leigebustader, noko me ser att på kostnad pr. stønadsmottakar. Totalt vert det utbetalt om lag 1 mill. kroner mindre i økonomisk sosialhjelp i 2014 samanlikna med 2013. Positiv utvikling på antal

mottakarar med sosialhjelp/introduksjonsstønad som hovudinntektskjelde.

Ein større auke i netto driftsutgifter til tilbod personar med rusproblem pr innbyggjar 20-66 år er på grunn av eit nytt heildøgstilbod som krev store ressursar.

Kommnehelse	Samanliknings-				
	2014	2013	Stord 2012	kommunar 2014	Landet utan Oslo 2014
Netto driftsutgifter per innbyggjar i kroner, kommunehelsetenesta	2 296,0	1 977,0	2 008,0	2 161,0	2 308,0
Netto driftsutgifter i prosent av samla netto driftsutgifter	4,8	4,3	4,3	4,4	4,4
Netto driftsutgifter til diagnose, behandling og rehabilitering per innbyggjar	1 346,0	1 150,0	1 082,0	1 443,0	1 610,0
Legeårsverk per 10 000 innbyggjarar, kommunehelsetenesta	11,7	11,4	10,8	9,8	10,3
Fysioterapiårsverk per 10 000 innbyggjarar, kommunehelsetenesta	7,1	6,5	6,3	8,0	8,9

Driftsutgiftene til kommunehelsetenesta omfattar deler av legetenesta, legevakt og deler av førebyggjande helsetenester og frisklivsarbeid. Førebyggjande helsetenester vart og prioritert i 2014, noko som gjev utslag i auka driftsutgifter for kommunehelsetenesta. Driftsutgiftene har auka som følgje av kvalitetsheving i legevakta ved etablering av Sunnhordland interkommunale legevakt. Stord kommune fekk ny fastlege 2. halvår og dette gav auka driftsutgifter. Fastlegane har gjennomgåande færre personar på listene enn samanliknbare kommunar. Fleire fastlegar har arbeid som bedriftslegar og rettleiingsoppgåver innafor forskning/fagutvikling i tillegg. Fastlege på Stord har deltidsstilling i den interkommunale legevakta, og lege i Kontrollkommissjonen for Helse Fonna er fastlege på Stord.

# Kommuneøkonomien

Balanserekneskap.....	62	Pensjon, premieavvik .....	72
Frie inntekter .....	68	Resultat per hovudområde/eining 2014 .....	73
Driftsrekneskap / budsjett .....	69	Kommunen sine plasseringar og avkastning 2014.....	77
Avsetningar .....	70		

Årsrekneskapen for Stord kommune vart i 2014 gjort opp med eit overskot på 27 millionar kroner. Med årets resultat får kommunen dekt inn akkumulert underskot og har med det teke steget ut av ROBEK-lista, staten sitt register for statleg kontroll og godkjenning.

Dei to kommunale føretaka gjekk med til saman 1,87 millionar kroner i overskot, slik at samla overskot i konsernet er på 28,87 millionar kroner.

**STORD KOMMUNE, BALANSEREKNESKAP 2010-2014**
**EIGENLUTAR (tal i millionar kroner)**

	2010	2011	2012	2013	2014
<b>Omlaupsmidlar:</b>					
Kasse, postgiro, bank	173	203	162	142	177
Fordringar	318	132	103	105	113
Premieavvik	31	41	52	62	78
<b>Sum omlaupsmidlar</b>	<b>522</b>	<b>376</b>	<b>327</b>	<b>309</b>	<b>368</b>
<b>Anleggsmidlar:</b>					
Aksjar, andelar	32	34	24	25	27
Langsiktige utlån	877	939	1 023	1 125	1 187
Pensjonsmidlar	817	784	856	945	1 038
Utstyr og fast eigedom	214	234	227	231	234
<b>Sum anleggsmidlar</b>	<b>1 939</b>	<b>1 990</b>	<b>2 130</b>	<b>2 327</b>	<b>2 486</b>
<b>SUM EIGNELUTAR</b>	<b>2 462</b>	<b>2 366</b>	<b>2 447</b>	<b>2 636</b>	<b>2 854</b>

**STORD KOMMUNE, BALANSEREKNESKAP 2010-2014**
**GJELD OG EIGENKAPITAL (tal i millionar kroner)**

	2010	2011	2012	2013	2014
<b>Gjeld:</b>					
Kortsiktig gjeld	381	185	118	165	176
Langsiktig gjeld	970	1 130	1 209	1 248	1 363
Pensjonsforplikting	906	1 015	1 126	1 262	1 342
<b>Sum gjeld</b>	<b>2 257</b>	<b>2 330</b>	<b>2 463</b>	<b>2 675</b>	<b>2 881</b>
<b>Eigenkapital:</b>					
Fond	153	149	125	98	111
Rekneskapsmessig underskot	-26	-30	-29	-16	0
Rekneskapsmessig overskot	0	0	13	32	27
Udekt i investeringsrekneskaper	0	0	0	0	0
Likviditetsreserve	0	0	0	0	0
Endring i rekneskapsprinsipp	-10	-10	-10	-10	-10
Anna eigenkapital	88	-73	-104	-143	-155
<b>Sum eigenkapital</b>	<b>204</b>	<b>36</b>	<b>-6</b>	<b>-39</b>	<b>-27</b>
<b>SUM GJELD OG EIGENKAPITAL</b>	<b>2 076</b>	<b>2 462</b>	<b>2 447</b>	<b>2 636</b>	<b>2854</b>

UTVALDE NØKKELTAL FRÅ BALANSEN, KONSERN	Samanlikn.				
	2014	2013	2012	kommunar 2014	Landet utanom Oslo 2014
Brutto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	3,0	4,7	3,0	1,0	0,8
Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	1,8	3,6	2,2	1,2	1,3
Overskot før lån og avsetningar i prosent av brutto driftsinntekter	-3,3	-5,8	-4,8	-5,7	-4,7
Netto finans og avdrag i prosent av brutto driftsinntekter	5,5	5,3	5,0	4,2	3,7
Netto avdrag i prosent av brutto driftsinntekter	2,6	2,7	2,7	3,3	3,2
Netto finans i prosent av brutto driftsinntekter	2,9	2,7	2,2	0,9	0,5
Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter *)	95,5	90,5	89,6	86,5	78,7
Langsiktig gjeld i prosent av brutto driftsinntekter	224,6	215,8	218,1	217,6	215,8
-Av dette pensjonsforpliktelsar i prosent av brutto driftsinntekter	116,0	112,8	108,8	112,0	118,1
Arbeidskapital ex. premieavvik i prosent av brutto driftsinntekter <sup>1</sup>	11,7	8,7	19,0	15,9	17,1
Frie inntekter i kroner per innbyggjar	46 092,0	45 304,0	43 685,0	46 680,0	48 554,0
Netto lånegjeld i kroner per innbyggjar *)	64 144,0	59 599,0	55 418,0	59 080,0	57 516,0
Pensjonsforplikting i kroner per innbyggjar	77 925,0	74 283,0	67 280,0	76 482,0	86 308,0
<b>Finansiering av investeringar:</b>					
Overføring frå drift, i prosent av brutto investeringsutgifter	0,3	5,5	5,2	1,6	3,0
Tilskot, refusjonar, salsinntekter m.m., i prosent av brutto investeringsutgifter	31,4	15,9	32,5	33,4	30,2
-Av dette sal av fast eigedom	11,3	1,4	4,0	6,8	6,0
Bruk av lån (netto) i prosent av brutto investeringsutgifter	79,7	62,6	45,1	59,7	67,0
<b>Frie inntekter:</b>					
Skatt på inntekt og formue i prosent av brutto driftsinntekter	35,8	36,4	38,0	33,2	32,7
Statleg rammeoverføring i prosent av brutto driftsinntekter	32,7	32,4	32,6	35,2	33,7
Eigedomsskatt i prosent av brutto driftsinntekter	3,2	3,2	0,3	2,4	3,1
Pensjonsforplikting i kroner per innbyggjar	77 925,0	74 283,0	67 280,0	76 482,0	86 308,0
Netto finans og avdrag i prosent av brutto driftsinntekter	5,5	5,3	5,0	4,2	3,7

<sup>1</sup> **Arbeidskapital** er differansen mellom omlaupsmidlar og kortsiktig gjeld i balansen. Ved sidan av anleggsmidla, slik som maskinar og inventar, vert dermed arbeidskapitalen sett på som ein del av driftskapitalen. Den er eit av fleire mål på likviditet i ei verksemd. Ein positiv arbeidskapital betyr at deler av omlaupsmidlane er finansiert ved langsiktig gjeld eller eigenkapital. Er arbeidskapital derimot negativ, betyr det at deler av anleggsmidlane er finansiert ved kortsiktig gjeld, som tyder på dårlig likviditet.

\*) Netto lånegjeld er definert som langsiktig gjeld (eksklusive pensjonsforpliktingar). Totale utlån og ubrukte lånemidlar er trekt frå.



Kommunen si samla lånegjeld har auka med 114,825 millionar kroner i 2014, og er no på brutto 1,363 milliardar kroner. Av dette er 635,5 millionar kroner lånt ut vidare; 501 millionar kroner til vass- og avlaupsføremål, 120 millionar kroner er lånt ut til innbyggjarane i kommunen som startlån, og 14,5 millionar kroner er vidareutlånt til Stord hamnestell. Netto lånegjeld per innbyggjar i kommunen er no på 64 144 kroner. Dette er høgare enn samanlikningskommunane, som har 59 080 kroner. Kommunen si gjeld kan fordelast på sjølvkostområdet og anna verksemd. Det er ikkje tilgjengelege samanlikningstal frå andre kommunar på dette.

<b>GJELD FORDELT PÅ SJØLVKOSTOMRÅDET OG ANNA VERKSEMD (HEILE 1000)</b>	<b>2013</b>	<b>2014</b>
Kommunen si samla lånegjeld	1 248 163	1 362 988
Vatn, avlaup og renovasjon, del i kroner	458 941	500 697
Vatn, avlaup og renovasjon, del i prosent	37	37
Startlån/formidlingslån i kroner	110 406	119 633
Startlån/formidlingslån i prosent	9	9
Stord hamnestell sin del av gjelda i kroner	12 167	14 547
Stord hamnestell sin del av gjelda i prosent	1	1
Anna kommunal verksemd i kroner	666 649	728 112
Anna kommunal verksemd i prosent	53	53

Kommunen sine gjeldsutgifter knytte til sjølvkostområdet er finansierte gjennom brukarbetalingar. Renteutgifter til startlån er dekte av låntakar. Stord hamnestell betalar sine renter og avdrag. Desse er finansierte av hamnestellet sine inntekter. Kommunen sine utgifter til gjeld knytt til anna verksemd er finansiert gjennom kommunen sine andre inntekter (frie inntekter), inkl. øyremerka statstilskot (rentekompensasjon):

<b>GJELD SOM VERT DEKKA AV ØYREMERKA STATSTILSKOT</b>	<b>2013</b>	<b>2014</b>
Rente- og avdragskompensasjon	6 509 259	6 365 463
Grunnlag for rentekompensasjon skuleutbygging reform -97	23 120 000	23 120 000
Grunnlag for rentekompensasjon skuleutbygging	86 024 853	79 700 325
Grunnlag for rente- og avdragskompensasjon omsorgsbustader, institusjonsutbygging	49 113 001	44 409 870
Grunnlag for rentekompensasjon kyrkjebygg	8 700 267	10 482 510
Del av totalgjelda som vert kompensert, i kroner	161 374 491	157 712 705
Del av totalgjelda som vert kompensert, i prosent	13	12

Det er ikkje tilgjengeleg samanlikningstal for andre kommunar på del av gjeld som vert kompensert. Unytta lånemiddel har auka frå 30 mill. kroner i 2013 til 46,8 mill. kroner i 2014. Vatn og avlaup sin del av dette er 25,8 mill. kroner. Midlane vert overførte til 2015 og reduserer nytt låneopptak tilsvarande.


Investeringsrekneskapan vert i hovudsak ført i dei to føretaka Stord kommunale eigedom KF og Stord vatn og avlaup KF, og investeringsprosjekta er nærare omtala i årsmeldingane frå føretaka.

**DRIFTSREKNESKAPEN FOR STORD KOMMUNE, 2010-2014**

	2010	2011	2012	2013	2014
Sum driftsinntekter	980 486	1 060 429	1 065 800	1 107 872	1 146 982
Sum driftsutgifter	-959 636	-1 011 131	-1 064 987	-1 079 911	-1 147 897
Brutto driftsresultat	20 850	49 298	813	27 961	-916
Avskrivningar	10 017	10 064	10 715	11 575	12 598
Brutto driftsresultat eks avskrivningar	30 867	59 362	11 528	39 536	11 682
Netto finanspostar	-42 048	-60 795	-7 033	4 190	1 257
Netto driftsresultat	-11 181	-1 433	18 562	35 346	10 425
Interne finanstransaksjonar *)	-2 912	-1 312	-5 606	-2 863	16 577
Meirforbruk - /mindreforbruk +	-14 093	-2 745	12 956	32 483	27 002

\*) største endringa frå tidlegare år er disponering av tidlegare års overskot. Sjå oversyn lenger nede, under «Avsetningar»

Figuren nedanfor syner utviklinga i kommunen sine driftsresultat dei siste 5 åra:

**RESULTATUTVIKLING 2010 - 2014 (TAL I 1000 KR)**


Kommunen sitt netto driftsresultat er redusert frå 35,3 millionar kroner i 2013 til 10,4 millionar kroner i 2014. Netto driftsresultat vert berekna frå brutto driftsresultat, korrigert for renter, avdrag, kommunale utlån, endring i finansielle omlaupsmidlar, utbytte og avskrivningar. Netto driftsresultat fortel kva kommunen sit igjen med etter at driftsutgifter, renter og avdrag er betalt. Netto driftsresultat kan brukast til å finansiere investeringar eller settast av til komande år. For Stord kommune sin del vil netto driftsresultat settast av til å dekke rest av akkumulert underskot. Netto driftsresultat er den indikatoren som gjev det beste målet på økonomisk balanse i kommunen. For Stord kommune (konsern) utgjorde netto driftsresultat (resultat før bruk av fond og avsetningar til fond og overføring til investeringsrekneskapen) 1,8 prosent av

brutto driftsinntekter i 2014. Dette er det same som for samanlikningskommunane. Stord kommune er i kommunegruppe 8: mellomstore kommunar med låge bundne kostnader per innbyggjar, middels frie disponible inntekter. Det er dette som er samanliknande kommunar i tabellane. Dei andre kommunane i denne gruppa er: Askim, Rygge, Vestby, Ås, Frogn, Gjerdrum, Modum, Røyken, Holmestrand, Bamble, Kragerø, Grimstad, Farsund, Vennesla, Time, Randaberg, Strand, Meland, Lindås, Sogndal, Førde, Herøy, Ørland, Levanger, Verdal og Vefsn. Teknisk berekningsutval for kommunal og fylkeskommunal økonomi har tilrådd at netto driftsresultat bør utgjere 1,75 prosent av driftsinntektene for å bevare kommunen sin formue. Fylkesmannen meiner at netto driftsoverskot bør vere høgare enn dette.

## FRIE INNTEKTER

Frie inntekter består av rammetilskot, skatteinntekter og andre ikkje-øyremerka statlege tilskot. Desse inntektene utgjer den viktigaste finansieringskjelda til kommunen. Den demografiske samansetninga, først og fremst aldersfordelinga, har innverknad på nivået på dei statlege overføringane. Rammetilskotet skal reflektera kostnadene med å yta tenester til innbyggjarane.

Skattenivået i Stord kommune var i 2014 97,4 prosent av landsgjennomsnittet. Dette var ein reduksjon frå 2013, då skattenivået i Stord kommune var 99,7 prosent av landsgjennomsnittet. I 2011 vart overføringar til private barnehagar innlemma i rammetilskotet, dette forklarar den store auken i rammetilskot i 2011. I 2012 vart samhandlingsreforma innført, noko som forklarar auken i 2012.

**UTVIKLINGA I FRIE INNTEKTER 2010-2014 (1000 KR)**

	2010	2011	2012	2013	2014
Frie inntekter eks momskompensasjon	573 843,0	733 624,0	796 311,0	833 721,0	861 229,0
- skatt	421 811,0	419 143,0	427 160,0	442 092,0	450 121,0
- rammetilskot	152 032,0	314 521,0	366 201,0	391 629,0	411 108,0
Frie inntekter pr. innbyggjar	32 953,0	41 315,0	44 566,0	46 279,0	47 129,0
Auke frie inntekter i prosent	6,9	27,9	8,5	5,1	3,3
Momskompensasjon	20 139,0	14 097,0	13 624,0	16 345,0	15 081,0
av dette investering	6 958,0	1 587,0	2 411,0	3 144,0	2 506,0
av dette drift	13 182,0	12 506,0	11 213,0	13 201,0	12 575,0

Dei frie inntektene til Stord kommune vart i 2014 kr 10,5 millionar kroner lågare enn revidert budsjett. Dette skuldast i hovudsak svikt i skatteinngangen.

**DRIFTSREKNESKAPEN/BUDSJETT**

<b>DRIFTSREKNESKAPEN, SKJEMA 1A. HOVUDTAL (1000 KR)</b>		<b>Rekneskap 2014</b>	<b>Budsjett rev. 2014</b>	<b>Budsjett opph. 2014</b>	<b>Rekneskap 2013</b>
6	Sum frie disponible inntekter	922 794	933 371	933 347	890 238
10	Netto finansinntekter/utgifter	36 713	36 035	36 098	36 028
17	Netto avsetning	-16 604	-15 342	-15 207	347
18	Overføring til investering	327	0	0	2 515
19	Til fordeling drift	902 659	912 677	912 456	851 348
20	Sum fordelt til drift	875 656	867 757	873 167	818 864
21	Rekneskapsmessig meir-/mindre forbruk.	27 002	44 921	39 288	32 483

## AVSETNINGAR

NETTO AVSETNING, SPESIFIKASJON (1000 KR)	Rekneskap 2014	Budsjett rev. 2014	Budsjett opph. 2014	Rekneskap 2013
Bruk av udisponert frå tidlegare år	32 483	30 775	30 775	12 956
Bruk av disposisjonsfond				
Bruk av bundne fond	9 432	3 595	721	6 787
<b>Sum bruk av avsetningar</b>	<b>41 915</b>	<b>34 370</b>	<b>31 497</b>	<b>19 743</b>
Overført til investering	327	-	-	2 515
Avsett til dekning frå tidligare år	16 290	16 290	16 290	12 956
Avsett til disposisjonsfond				
Avsett til bundne fond	8 721	2 738	0	7 134
<b>Sum avsetningar</b>	<b>25 338</b>	<b>19 028</b>	<b>16 290</b>	<b>22 606</b>
<b>Sum netto avsetningar</b>	<b>-16 577</b>	<b>-15 342</b>	<b>-15 207</b>	<b>2 863</b>

Det er brukt 9,4 millionar kroner av bundne fond, og sett av 8,7 millionar til bundne fond.

## AVSETNINGAR

### Største avsetningar

Bygge- og delsaksbehandling, seksjonering (sjølvkost)	2,259 millionar kroner
Husbanken, tilskot til tilpassing av bustad	1,441 millionar kroner
Tilskot psykologstillingar	1,280 millionar kroner
Husbanken, tilskot til etablering	0,771 millionar kroner
Stord-modellen *, utvikling og utprøving	0,400 millionar kroner
Tilskot til kommunalt rusarbeid	0,360 millionar kroner
Diverse andre øyremerkta statstilskot/skjønsmidlar	2,181 millionar kroner

### Bruk av fond, største summar

Kart og oppmåling (sjølvkost)	1,767 millionar kroner
Stord modellen *	1,620 millionar kroner
Reguleringsplanar (sjølvkost)	0,873 millionar kroner
Diverse andre øyremerkta statstilskot/skjønsmidlar	4,840 millionar kroner

*\*) Statstilskot gjeve for utvikling og utprøving av samhandlingsmodellar i rusomsorg.*

## PENSJON, PREMIEAVVIK

Pensjonskostnaden er det som vert belasta i kommunerekneskapen, medan pensjonsutgifta er den premien kommunen faktisk betalar. Dersom pensjonspremien er større enn pensjonskostnaden får vi eit positivt premieavvik. Er pensjonspremien mindre enn pensjonskostnaden får vi eit negativt premieavvik. Ordninga med premieavvik vart innført i 2002, etter eit par års nedgang i verdsøkonomien. Det var dårleg avkasting og kommunane fekk ein ekstrarekning for å dekke naudsynt vekst i pensjonsfond. Kommunane fekk ikkje auka løyvingar til dette, men kunne bokføre ein lågare kostnad. Intensjonen var å jamne ut svingingar i premien. Tanken var at kostnadane over tid skulle svare til premien, slik at positive premieavvik nokre år skulle motsvarast av negative premieavvik andre år.

«Problemet» er at den berekna kostnaden kvart år har vore lågare enn premien. Dei langsiktige føresetnadane som kostnadsberekninga har bygd på har systematisk vore for optimistiske. Eit positivt premieavvik skal først til inntekt i årsrekneskapen og vert bokført under omlaupsmidlar som kortsiktig fordring. Tilsvarende skal eit negativt premieavvik utgiftsførast i årsregnskapen og bokførast som kortsiktig gjeld. Premieavvik vert slik ei form for korreksjonspost til den betalte pensjonspremien slik at nettoen av desse to posteringane blir lik pensjonskostnaden. Ein har valet mellom å kvart år avsetje for full dekning av premieavviket eller å amortisere over 15 år (for premieavvik oppstått i perioden 2002-2010), ti år (for premieavvik oppstått i perioden 2011-2013) og sju år (for premieavvik oppstått i perioden 2014 og seinare). Stord

kommune har valt å amortisere over lengst mogeleg tid. Oppsamla premieavvik for Stord kommune er 68,4 mill. kr som skal belastast rekneskapen i tillegg til den ordinære rekneskapsførte kostnaden over dei neste 15, 10 og 7 åra. Ein større del av driftsbudsjetta framover vil gå med til å dekke oppsamla premieavvik. Det er venta at kommunesektoren i åra framover vil måtte bruke ein stadig større del av inntektene sine på pensjon. Auken skuldast både auka nedbetaling av tidlegare års premieavvik, lågare avkasting på pensjonsmidlane og høg lønsvekst.



**RESULTAT PER HOVUDOMRÅDE/EINING 2014**

Teneste	Skatt, rammetilskot, generelle inntekter, finans m.m.	Rekneskap 2014	Revidert budsjett 2014	Avvik
1 800	Ansvarsforsikring	104	55	-49
2 851	Statstilskot vertskommune asylmottak	-1 649	-1 255	395
8 000	Skatt på inntekt og eige	-450 121	-465 769	-15 648
8 001	Eigedomsskatt	-40 592	-40 000	592
8 400	Ramme- og statstilskot	-411 108	-407 525	3 583
8 401	Statlege investeringstilskot	-6 365	-6 272	94
8 500	Generelt tilskot flyktning	-12 070	-11 797	274
8 700	Renter, utbyte og lån	2 116	2 253	138
8 800	Overføring til/frå føretak	26 689	26 679	-10
8 800	Til dekning av tidlegare års underskot	16 290	16 290	-0
8 800	Bruk av tidlegare års mindreforbruk	-32 483	-30 776	1 708
8 990	Budsjettert overskot	27 002	44 921	17 918
9 999	Momskompensasjon	-12 276	-11 224	1 052
	<b>Sum</b>	<b>-894 465</b>	<b>-884 419</b>	<b>10 046</b>

**RESULTAT PER HOVUDOMRÅDE/EINING 2014**

Ansvar/ teneste	Einingar under formannskapet	Rekneskap 2014	Revidert budsjett 2014	Avvik
1 050	Driftstilskot kyrkjeleg fellesråd	7 232	7 217	-15
1 097	LOS-utval	32	-1 223	-1 255
1 098	Indirekte kostnader sjølvkost mm	-3 538	-3 641	-103
1 099	Formannskapet, tilleggsøyving	-	47	47
3 010	Planarbeid	113	190	77
1 110	Strategisk leiargruppe	6 480	5 905	-575
1 803	Sivilforsvar	59	57	-2
3 390	Beredskap mot brann og ulykker	196	220	24
1 000	Folkevalde, politisk komité /utval	2 913	3 147	234
1 002	Stønad politiske parti	70	70	-
1 100	Revisjon og kontrollutval	822	1 177	355
1 200	Sekretariat, administrasjon	5 051	4 936	-115
1 300	Administrasjonslokale (rådhus)	2 774	2 784	10
1 801	Rådet for funksjonshemma	5	18	13
1 804	Eldreråd	24	45	21
1 130	Rekneskap og løn	7 845	8 157	312
1 140	Personal- og økonomi	8 466	8 660	194
1 141	Personalføremål - felles	-21 422	-20 449	973
	Stillingsgruppa	-608	-1 500	-892
1 142	Lærlingeordning	3 750	4 148	398
1 150	Utviklingsgruppa	7 195	6 907	-288
1 170	IKT - IT/Telefoni	8 239	8 530	291
8 130	Innkjøpskontor, interkommunalt	-60	56	116
	<b>SUM</b>	<b>35 638</b>	<b>35 458</b>	<b>-180</b>

**RESULTAT PER HOVUDOMRÅDE/EINING 2014**

Ansvar	Einingar under OOU-komiteen	Rekneskap 2014	Revidert budsjett 2014	Avvik
1 150	Overføring til private barnehagar mm	110 492	112 054	1 562
2 100	Skule felles	-222	104	326
2 102	Huglo oppvekstsenter	88	83	-5
2 103	Hystad skule	24 369	24 947	578
2 104	Langeland skule	30 038	29 608	-430
2 105	Leirvik skule	27 040	27 685	645
2 106	Litlabø skule	10 046	10 227	181
2 107	Rommetveit skule	22 776	22 549	-227
2 108	Sagvåg skule	17 289	17 063	-226
2 109	Tjødhalio skule	23 910	23 957	47
2 120	Stord ungdomsskule	38 661	38 963	302
2 121	Nysæter ungdomsskule	22 342	22 233	-109
2 122	Nordbygdo ungdomsskule	24 621	24 047	-574
2 200	Barnehage felles	-492	-382	110
2 201	Furuly barnehage	5 352	5 377	25
2 202	Sagvåg/Litlabø barnehage	7 196	7 083	-113
2 203	Skogatufto barnehage	10 714	10 701	-13
2 205	Trodlahaugen barnehage	6 229	6 259	30
2 208	Tjødhalio barnehage	5 877	5 795	-82
2 511	Førebyggande tenester	21 802	22 570	768
2 520	Barnevern Stord	29 759	25 209	-4 550
2 660	Kundetorg	953	1 053	100
2 661	Kundetorg - fordeling	4 374	2 052	-2 322
3 140	Stord kulturskule	6 676	6 332	-344
	<b>SUM</b>	<b>449 890</b>	<b>445 569</b>	<b>-4 321</b>

**RESULTAT PER HOVUDOMRÅDE/EINING 2014**

Ansvar	Einingar under RHO-komiteen	Rekneskap 2014	Revidert budsjett 2014	Avvik
2 301	Stord sjukeheim	101 745	98 905	-2 840
2 303	Aktivitet/rehabilitering	33 426	32 339	-1 087
2 320	Eining for Habilitering	61 131	59 197	-1 934
2 340	Heimebaserte tenester	70 613	70 698	85
2 410	Legeteneste	18 177	17 577	-600
2 510	Sosial og førebyggjande	14 374	15 879	1 505
2 515	NAV kommune	28 905	29 891	986
2 660	Kundetorg	32 072	30 497	-1 575
2 661	Kundetorg - fordeling	10 143	8 709	-1 434
	<b>SUM</b>	<b>370 586</b>	<b>363 692</b>	<b>-6 894</b>


Ansvar	Einingar under NMK-komiteen	Rekneskap 2014	Revidert budsjett 2014	Avvik
3 110	Kulturhus kino/kulturtenester	19 640	20 382	742
3 120	Bibliotek inkl. filialar	3 481	3 520	39
3 210	RBO - regulering/byggesak/oppmåling	874	1 435	561
3 240	Brann, beredskap og feiing	10 661	10 691	30
4 099	NMK-komité - Tilleggs/nye løyvingar	-	97	97
4 120	Landbruk	1 827	1 725	-102
4 150	Næring	1 065	1 049	-16
3 810	Overføring Stord idrettspark	800	800	-
	<b>SUM</b>	<b>38 348</b>	<b>39 699</b>	<b>1 351</b>

**KOMMUNEN SINE PLASSERINGAR OG AVKASTNINGAR 2014**
**UTVIKLINGA I MARKNADSVVERDI FOR KRAFTSALSFONDET OG SAMANSETNING AV AKTIVA KLASSANE:**


AKTIVAKLASSAR	Tal i heile 1000				Tal i prosent			
	2011	2012	2013	2014	2011	2012	2013	2014
Obligasjonar/sertifikat	95 845	83 211	85 552	91 764	61,20	73,30	68,00	69,90
Aksjefond internasjonale	43 925	12 463	16 500	19 067	28,00	11,00	13,10	14,50
Kursregulering (valutasikring)	-358	135	138	-773	-0,20	0,10	0,10	-1,00
Bankinnskot	565	3 109	3 473	1 117	0,40	2,70	2,80	0,90
Utlån til lag og organisasjonar	6 537	5 385	11 674	12 606	4,20	4,70	9,30	9,60
Utlån til Stord lufthamn	10 113	9 252	8 392	7 532	6,50	8,10	6,70	5,70
Sum marknadsverdi plasseringar	156 626	113 555	125 729	131 312	100	100	100	100
Avkastning i kroner	-2 805	8 917	7 056	4 589				
Avkastning i prosent	-1,80	8,00	5,61	3,49				
<b>Sum avsetningar</b>	<b>25 338</b>	<b>19 028</b>	<b>16 290</b>	<b>22 606</b>				
<b>Sum netto avsetningar</b>	<b>-16 577</b>	<b>-15 342</b>	<b>-15 207</b>	<b>2 863</b>				

Fondet gav i 2014 ei avkastning på 3,49 prosent eller 4,589 millionar kroner. Totalavkastninga på aksjar og obligasjonar (eks utlån) var på 3,92 prosent, dette er 1,08 prosentpoeng dårlegare enn «normalporteføljen». Aksjeporteføljen har gitt 10,08 prosent i avkastning i 2014, dette er 5,69 prosent over benchmark. Benchmark er standarden ein måler mot, desse aksjefonda vert målt mot norske aksjar. (Obligasjonsporteføljen har gitt 2,75 prosent avkastning i 2014, dette er 2,32 prosentpoeng under benchmark, som er norske statsobligasjonar med tre års durasjon. Det var budsjettert med kr 3 775 000 i avkastning på finansporteføljen i 2014, inntektsført avkastning vart 4 141 155. Ved utgangen av 2014 var midlane plassert i bankinnskot, renteberande verdipapir i norske bankar og sparebanker og aksjefonda Delphi verden og Storebrand global indeks.

### Folkevalde organ:



### Administrasjon:



# Ein mannsalder i kommunens teneste

Tekst: Jonas Sætre

**Med apotek, to bankar og kjederøykjande kontoristar, var det å jobba på Stord Rådhus noko ganske anna då Magnar Rikstad vart tilsett tilbake i 1972. No skal mannen som har jobba aller lengst i kommunen pensjonera seg, etter nær 43 år på Rådhuset.**

64-åringen starta som rekneskapskontrollør, med ansvar for løns- og trekkoppgåvene og å kontrollera rekneskapen ute i verksemdene. Eit fæla arbeid utan dagens teknologi, ifølgje han sjølv.

-Den gongen hadde me manuell avstemming av løns- og trekkoppgåvene. Me sat og slo inn på reknemaskinane, og det var eit vanskeleg og tidkrevjande. Til dømes leverte Stord Verft om lag 2500 lønsmeldinger. Me greidde ikkje alltid å få same summen kvar gong, så då måtte me lesa mot kvarandre for å finna ut kvar me hadde slått feil.

På 1970-talet starta Stord kommune å krevja inn selskapsskatt. Rikstad fortel at likningskontoret fekk tilsett ein jurist, for å hjelpa kommunen til å krevja inn skatt frå mange ulike firma var knytt til verftet. men han slutta etter eitt år. Jobben om å varsle verksemdene om den nye selskapsskatten måtte Rikstad ta seg av.

-Eg fekk ansvaret for å sende ut skattebrev, mellom anna til store oljeselskap med fagfolk innan skatterett. Då følte eg meg ikkje så høg i hatten. Det er slikt arbeid som ein berre må gjera – det er ingen som rosar deg og seier at du gjorde eit godt arbeid, fortel Rikstad.

Men med selskapsskatt og skattetrekk frå mange gjestearbeidarar på Kjøtteinen, vart det nokre romslege år i kommuneøkonomien.

-Dei hadde det veldig greitt med å budsjettere for dei første åra, for dei kunne berre plussa på 10 prosent kvart år. Men då dei mista Stafjord B til Stavanger, vart det slutt på dei gode tidene.

Etatsjefane på 1970-talet gjekk stort sett i dress, men var likevel folkelege ifølgje Rikstad. Dei kom frå ein svunnen generasjon der det mellom anna var heilt akseptert å røyke på kontoret.

-Dei første åra var det veldig mange som røykte på huset. Så det vart rimeleg tett med røykelukt på kontora, for meg som ikkje røykte. Det kunne vere ganske tungt. Ein sa ikkje til sjefen at det var ein kollega som røykte og at ein hadde krav på røykfri arbeidsplass.

Den gongen var det både apotek og bank i rådhuset, så dei tilsette satt endå trongare enn dei gjer i dag. Men også arbeidspresstet har endra seg. Dagens arbeidsmiljø med fokus på målstyring og effektivitet var ifølgje Rikstad ganske forskjellig frå kvardagen i 1970-åra.

-Det var vel ein kollega som sa til meg at om ein arbeida eller ikkje så er det ingen som ville sjå det likevel. Men eg likte jo jobben, så eg har stort sett arbeidd heile tida.

Dei siste åra har Rikstad jobba med mykje ymse oppgåver på heile huset. Han fortel at han aldri har hatt det så sosialt på jobb som desse åra.

-Du vart ikkje så veldig godt kjent før, for du sat som regel aleine på kontoret. Eg har blitt mykje meir kjent med folk dei siste to åra, då eg har arbeidd litt rundt på heile huset.



Å gå inn i pensjonistlivet er ikkje noko Rikstad er heilt budd på. Han vil framleis fungera som møtevakt under nokre av dei politiske møta, men timeplanen kjem til å bli merkbart open framover.

-Det er jo det å finna på kva ein skal driva med. Det har vore godt å ha noko fast å gå til.

På den positive sida vert det bra med tid til å driva med favorittsysler, som fisking, hagearbeid og friluftsliv.

-Eg likar veldig godt å fiska, mellom anna på Jektevik. Der er det litt djupare, og ein kan få litt større fisk. Torsk og makrell er favoritten.

At det har blitt 43 år i Rådhuset er vanskeleg å tru. Sjølv oppsummerte Rikstad det enkelt og greit då han haldt tale til damene under julebordet til Stord kommune i fjor haust.

-Eg seier som Cornelis Vreeswijk: «Jag har sett människor komma och gå.»

# Stord i ord og tal

## Stord i ord og tal

Byen Stord (Stord kommune) ligg i regionen Sunnhordland i Hordaland fylke. Stord kommune utgjer den sørlege halvdel av øya Stord, i tillegg til dei mindre øyane Huglo og Føyno. Det utgjer eit samla areal på 144 kvadratkilometer.

Nord på øya Stord ligg Fitjar kommune. Næraste by nord for Stord er Bergen, medan Haugesund og Stavanger er dei næraste byane i sør. Kommunesenteret Leirvik er regionsenter i Sunnhordland.

Folketalet var ved årsskiftet 2013/2014: **18 685**

## Sysselsetjing (Tal frå 2013):

Tal på arbeidsplassar:	Ca. 9 594
Privat og offentleg tenesteyting:	65,3 %
Industri, bygg og anlegg:	33,6 %
Primærnæringar:	0,8 %
Andre:	0,3 %

## Kommunale nøkkeldata 31.12.2014:

Ved årsskiftet 2013/2014 var det i Stord kommune 1203 tilsette fordelt på 923 løna årsverk.

Brutto driftsinntekter:  
1 147 millionar kroner

Brutto driftsutgifter:  
1 148 millionar kroner  
(ekskl. finansutgifter/-inntekter)

Investeringar:  
162 millionar kroner  
(inkl. Stord kommunale eigedom KF og Stord vatn og avlaup KF)

Lånegjeld:  
1 362 millionar kroner

Finanskapital:  
131 millionar kroner



Føyno.  
Foto: Haldis Lauksund



# Kommunestyret



Ordfører Liv Kari  
Eskeland **H**



Harry  
Herstad **Ap**



Amram  
Hadida **Ap**



Lars Åge  
Myhre **H**



Jan Arild  
Nesse **H**



Bjørnar  
Helgesen **FrP**



Sigbjørn  
Framnes **FrP**



Nils Magne  
Blålid **Sv**



Jan  
Reinemo **KrF**



Wilhelm  
Engelsen **Ap**



Edgar  
Damås **Ap**



Henny Førland  
Berger **Ap**



Nina Østensjø  
Borrevik **H**



Per Ove  
Sercan Husevik **H**



Nils Gunnar  
Waage **FrP**



Silje  
Vatna **Sp**



Signe  
Ekeland **Sv**



Leif Steinar  
Alfsvåg **KrF**



Leif Ottar  
Heimro **Ap**



Andreas  
Moe Larsen **Ap**



Katrin Innvær  
Ankervold **Ap**



Vibecke  
Beyer **H \***



Dag Vidar  
Nordhus **H**



Margareth  
O. Mjønnes **Uavhengig**



Åshild  
Rygg Tonning **Sp**



Oskar Emil  
Langeland **KrF**



Fredrik U. Litleskare  
**Uavhengig**



Pim Joanna  
Taraldsøy **Ap \***



Jan Terje  
Alsaker **Ap**



Håkon Frode  
Særsten **V**



Geir  
Angeltveit **V**



Helge Einar  
Vie **H**



Aase L.  
Lilleskare **H**



Johan Inge  
Særsten **FrP**



Jakob  
Bjelland **Sp**



Tordis  
Nysæter **Ap**

\* Permisjon: Vibecke Beyer H, permisjon frå og med september 2013 til og med september 2014. Pim Joanna Taraldsøy AP, permisjon frå og med august 2013 til og med august 2014.